Nytt om namn

Meldingsblad for Norsk namnelag

Nr. 22 - 1995

Oslo 1995

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)

Redaktørar: Botolv Helleland og Kristoffer Kruken

Utgjevarstad:
Avdeling for namnegransking
Institutt for nordistikk og litteraturvitskap
Universitetet i Oslo

Nr. 22 – 1995

Redaksjonen er avslutta 5. desember 1995

Adresser:

Norsk namnelag, Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Tlf. 22 85 43 75.

Tidsskriftet «Namn og Nemne», Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplassen 9, 5007 Bergen. Tlf. 55 21 24 22.

Meldingsbladet «Nytt om namn», Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Tlf. 22 85 43 75.

Norsk namnelag har bankgiro **8401.21.34427** og postgiro **0804 4215307** (adresse: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplassen 9, 5007 Bergen).

Kontingenten er 130 kroner for året.

INNHALD

Norsk namnelags landsmøte 4
Møte i den nordiske divisjonen av UNGEGN 4
International Council of Onomastic Sciences (ICOS) 5
NORNA-symposium 5
NORNA-rapportar 6
Nordisk stadnamndatabase 6
Namn og Nemne 12 (1995) 6
Evaluering av stadnamnlova 6
Samrådingsmøtet 1995 7
Geologiske namn — eit stort namneverk 9
Kjerringsundet på Møsstrond. Ei folkeleg namneforklaring 10
Madame Maren Juels vei til stranden. Noe om navn i Oslo 11
Namnsetjingsproblem på Skullerud 16
Heggøyna eller *Heggøy*. Om bunden eller ubunden form i stadnamnnormeringa 18
Filefjell eller *Fillefjellet*? 21
Torvløysa eller *Tarvløysa* 24
Ivar Aasen om namnet *Leveld* 24
Andreas Heusler om Magnus Olsen i 1917 26
Namnetoppen 1994 27
Opphavet til kvinnenavnet *Mille* 29
Doktoravhandling om stadnamn på Finnskogen 31
Namnevedtak på bu- og servicesenteret på Bokko i Odda 32
Norsk personnamnleksikon 33
Melding av namnepublikasjonar frå 1995 34
Mål i Østfold 34
Nye namnebøker frå grannelanda 35
Statistikk over norske etternamn 37
Norsk namnebibliografi 1994 38

NORSK NAMNELAGS LANDSMØTE

Som det vart gjort greie for i nr. 21 av Nytt om namn, har styret i Norsk namnelag gjort framlegg om å halda neste landsmøte hausten 1996, altså tre år etter det førre landsmøtet. Sidan lovene seier at landsmøtet skal haldast annakvart år, vart det i samband med utsendinga av nr. 21 av Nytt om namn halde uravrøysting over eit framlegg om å halda landsmøte tredjekvart år. Røystingstemaet lydde slik (§ 3, pkt. 3): «Landsmøtet skal haldast *tredjekvart* år eller når styret eller minst 50 lagslemer ynskjer det.» Styret gjorde vidare framlegg om at skriftstyrar/skriftstyre med redaksjonelt ansvar (§ 6, pkt. 1) «vert valde for 3 år om gongen».

Alle som har sendt inn røystingssetelen, har sagt seg samde i framlegga til lovbrigde. Saka vil verta teken opp på komande landsmøte. NB! Sidan leddet «same skriftstyret kan sitje i 3 valbolkar etter kvarandre» (§ 6, pkt. 1) ikkje var med i denne røystinga, står det uendra. Når valbolken no er forlengd til 3 år, kan altså skriftstyret/-styra sitja i 9 år — mot 6 år etter den opphavlege lovteksten. Hittil har dette vore ein sovande regel. Spørsmålet om kor lenge redaktørane kan eller bør sitja, vil bli drøfta saman med (dei andre) lovendringane på landsmøtet neste haust.

MØTE I DEN NORDISKE DIVISJONEN AV UNGEGN

Den nordiske divisjonen av FNs ekspertgruppe for geografiske namn (UNGEGN) hadde møte på Blindern, Oslo, 10. mai 1995. Det var 10 deltakarar fordelte på Danmark, Finland, Noreg og Sverige.

Ei sak som går att på dei fleste møta der internasjonale stadnamnspørsmål vert diskuterte, er skrivemåten av eksonym (utanlandske stadnamn som vert skrivne etter brukarspråket sine rettskrivingsprinsipp). FN har tilrådd at utanlandske stadnamn mest mogeleg skal skrivast i samsvar med rettskrivingsprinsippa i det landet der namnet høyrer heime. Desse spørsmåla vart drøfte på nytt. For å koma vidare tilrådde møtet at det i 1997 skulle organiserast ein nordisk konferanse der skrivemåten av utanlandske stadnamn vart teke opp i full breidd, og då helst i samarbeid med Nordisk språksekretariat og eventuelt Nordisk samarbeidskomité for namneforsking (NORNA).

Av andre saker som vart diskuterte på møtet, var generell informasjon om FN-aktiviteten omkring normering og bruk av stadnamn. Møtet slutta seg til eit framlegg om å arbeida ut ei handbok om dette emnet til bruk for nordiske lesarar.

INTERNATIONAL COUNCIL OF ONOMASTIC SCIENCES (ICOS)

International Council of Onomastic Sciences (*ICOS*) er international organisation for alle forskere, der beskæftiger sig med egennavne (stednavne, personnavne og andre proprier). ICOS' formål er at fremme, repræsentere og koordinere navneforskningen på internationalt plan og i interdisciplinær sammenhæng. *International Council of Onomastic Sciences* afløser det tidligere *International Committee of Onomastic Sciences*, der som «lukket selskab» kun indvalgte medlemmer som repræsentanter for deres respektive lande.

Enhver forsker som er aktivt engageret i videnskabelig navneforskning kan blive medlem af det nye *ICOS*. Det årlige medlemskontingent er fastsat til 700 BF. Medlemmerne får tilsendt tidsskriftet *Onoma*, ICOS' officielle årbog, der dels indeholder aktuelle forskningsoversigter, dels artikler om centrale onomastiske temaer. Medlemmer betaler desuden et reduceret kongresgebyr for deltagelse i de internationale kongresser for navneforskning, der normalt afholdes hvert tredie år. Kongresserne støttes af ICOS og arrangeres af et af dets medlemmer. På kongressen finder almindeligvis også ICOS' generalforsamling sted.

Henvendelse om medlemskab bedes rettet til ICOS, International Centre of Onomastics, Postbox 33, Blijde-Inkomststraat 21, B-3000 Leuven, Belgien. Ifølge ICOS' statutter skal medlemskab være anbefalet af to anerkendte navneforskere.

Rob Rentenaar
sekretær

NORNA-SYMPOSIUM

Det 23. symposiet i regi av NORNA (Nordisk samarbeidskomité for namneforsking) vart halde i Svidja i Finland 15.–17. september 1995. Emnet for symposiet var «Ägonamn – struktur och datering». Om lag 25 personar deltok.

Det 24. NORNA-symposiet blir halde i København 25.–27. april 1996. Her vert emnet «Byens navne. Stednavne i urbaniserede områder». Det er framleis høve til å melda seg på.

I samband med at NORNA fyller 25 år 4. desember 1996, vert det skipa til eit jubileumssymposium i Uppsala 7.–9. februar 1997 med tittelen «Den nordiska namnforskningen. I går, i dag, i morgon». Det kjem meir informasjon om dette i eit seinare nummer av Nytt om namn.

NORNA-RAPPORTAR

Rapporten frå NORNA-symposiet «Slektsnamn i Norden» i Oslo 17.–20. september 1992 har no gått i trykken og blir utsend på nyåret. Redaksjonen seier seg lei for at rapporten kjem så seint. Rapporten frå NORNA-kongressen på Sundvollen 19.–23. juni 1994 blir ferdig sommaren 1996.

NORDISK STADNAMNDATABASE

På grunnlag av ei tilråding frå ei arbeidsgruppe for «Nordisk stadnamndatabase» har kartverkssjefane for dei nordiske nasjonale kartverka på eit møte i Kiruna i august 1995 vedteke at det skal opprettast ein nordisk stadnamndatabase på ikring 18 800 stadnamn (Danmark 2800 namn, Finland 5000 namn, Island 1000 namn, Noreg 5000 namn, Sverige 5000 namn). Færøyane, Grønland, Jan Mayen og Svalbard er medrekna. Basen er tenkt for m.a. nasjonale og internasjonale kartprodusentar som såleis vil få ein lett tilgjengeleg base med korrekt skrivemåte og plassering av namna. Det er meininga å dela objekta inn i fem hovudgrupper (busetnader, terrengformer, vassdrag, administrative område og kommunikasjonar), som så kan delast opp i undergrupper etter behov. Interessant er det at i grenseområda vert namn på alle aktuelle språk medtekne. Det er ikkje sagt noko om når basen skal vera fullført.

NAMN OG NEMNE 12 (1995)

Tidsskriftet *Namn og Nemne 12* (1995) vert sendt ut til medlemmene i Norsk namnelag over nyttår 1996. I sendinga er det lagt ved eit innbetalingskort på kr 130,- som gjeld medlemspengane. Summen inkluderer tidsskriftet og dei to nummera av *Nytt om namn* som har kome ut i 1995.

EVALUERING AV STADNAMNLOVA

Lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn har no verka i nokre år. Det vart gjeve forskrifter til lova med verknad frå 4. juli 1991, og desse forskriftene vart endra 14. oktober 1993. Kulturdepartementet har gått inn for å evaluera lova med forskrifter i 1996–97, for så å ta stode til eventuelle endringar i regelverket. Dei aktuelle etatane og interessegruppene vil få høve til å uttala seg i samband med evalueringa.

SAMRÅDINGSMØTET 1995

Sidan lov om stadnamn tok til å gjelde i 1991, har namnekonsulenttenestene og andre partar som har å gjøre med behandling av stadnamn, hatt eit årlig møte for å drøfte ulike sider av arbeidet med stadnamnlova. Samrådingsmøtet 1995 var på Solstrand fjordhotell i Os kommune sør for Bergen, 21.–23. september. Til stades på møtet var representantar for namnekonsulenttenestene, Klagenemnda for namnesaker, Norsk språkråd og Statens kartverk, Hordaland, Sogn og Fjordane og Landdivisjonen. I år møtte ingen frå den samiske delen av Namnekonsulenttenesta for samiske og finske stadnamn. Kulturdepartementet var heller ikkje til stades i år.

Hovudemnet for møtet var samordning av tilrådde normeringar som bryt med den offentlige norske skriftnormalen. Sekretærane for namnekonsulenttenestene hadde laga oversyn over slike normeringar, og desse blei drøfta. Det blei fatta få einskildvedtak, men møtet var samd om at sakspapira i hovudsak gav eit godt grunnlag for vidare arbeid med normeringsspørsmåla, at tilrådingane skulle prøvast ut, og at ein kunne gjøre vedtak om felles praksis seinare.

Arbeidsmengda i namnekonsulenttenestene aukar jamt, og det er ikkje råd å behandle alle sakene som kjem inn innafor rimelig tid. Ei viktig årsak til dette er at lova legg opp til ei svært byråkratisk arbeidsform der mange partar er innblanda. Alle partar verkar misnøgde med prosedyren som må følgjast ved behandling av namnesaker. Ein av dei mest problematiske delane av saksbehandlinga gjeld namn som har fleire namneobjekt. Det verka som om det var semje om at gjeldande regelverk og saksbehandlingsrutinar må forenklast. Statens kartverk bør få vedtaksrett for alle offentlige funksjonar av stadnamn. Kulturminister Åse Kleveland har sagt at regelverket skal evaluerast i 1996/1997, og målet må vere å komme fram til betre regelverk og behandlingsprosedyre. På kort sikt må det arbeidast for å gjere gjeldande lov kjent for dei organa som har vedtaksrett.

Det har vist seg at lova og forskriftene er dårlige hjelpemiddel for å drage opp grenser. Det viser seg også at juristane i nokre tilfelle tolkar forskriftene på ein annan måte enn det filologane meinte med ordlyden då forskriftene blei laga.

Spesielt vanskelig er situasjonen i Namnekonsulenttenesta for samiske og finske stadnamn ettersom sekretæren har hatt svangerskapspermisjon sidan 15. juli, og ingen vikar er tilsett. Innsatsen til Kulturdepartementet og Norsk språkråd for å finne ein vikar blei kritisert. Ein av konsekvensane av at stillinga står ledig, er at Statens kartverk må gje ut mange nye kart med gammal samisk rettskriving eller utan samiske namn.

Etter kvart som det har blitt gjort mange vedtak etter lov om stadnamn, viser det seg at ein del namnebrukarar ikkje ønskjer å nytte dei vedtekne namneformene. Problemet er lagt fram for Kulturdepartementet, som seier at det ikkje har tid til å drive med oppfølging av vedtak, og at det er mange andre lover som heller ikkje blir følgde. Møtelyden var svært misnøgd med dette synspunktet.

I dag er det vanskelig for offentlige namnebrukarar å få informasjon om vedtekne namneformer ettersom verken GAB (Grunneigedoms-, adresse- og bygningsregistret) eller SSR (Sentralt stadnamnregister) er oppjusterte med nye vedtak. Statens kartverk, Landdivisjonen, opplyste at målet er å legge inn vedtak i løpet av 1995, og at dei oppjusterte registra vil bli marknadsførte for aktuelle namnebrukarar. I arbeidet med GAB er det problematisk at lov om stadnamn ikkje skil mellom gards- og bruksnamn – alt blir kalla bruksnamn. I ettertid er det arbeidskrevjande å røkje etter for å finne ut om vedtekne namneformer er gards- eller bruksnamn.

Samarbeidet mellom Kartverket og namnekonsulenttenestene er stort sett godt. Alle tilrådingane som namnekonsulentane gjev, blir likevel ikkje følgde opp med vedtak av Kartverket. Namnekonsulentane meinte at det er ein tendens til at Kartverket skyggar unna ved ikkje å vedta tilrådingar som ikkje er i samsvar med såkalla innarbeidde skrivemåtar.

Eit emne som det blei gjort særskilt greie for, var tilhøvet mellom nasjonale samleformer på den eine sida og regionale/lokale former på den andre sida. Tilhøvet mellom bunden og ubunden form av stadnamn blei også gjennomgått.

Samrådingsmøtet 1996 vil bli skipa til av Namnekonsulenttenesta for Midt-Noreg.

Aud-Kirsti Pedersen
Namnekonsulenttenesta
for norske stadnamn i Nord-Noreg

GEOLOGISKE NAMN – EIT STORT NAMNEVERK

Kartlegginga av berggrunnen i Noreg har ført med seg at ei stor mengd geologiske einingar har fått namn. Utforskinga av kontinentalsokkelen no i oljealderen har gjeve nye namn, til dels av ein annan type enn andre geologiske namn.

Namneobjektet i geologisk kartlegging kan vere til dømes ein morenerygg, ein (geologisk) formasjon eller ei forkasting, på overflata eller nede i berggrunnen. Desse geologiske einingane blir definerte ut frå materialinnhald eller andre eigenskapar som form eller alder.

Ei geologisk eining får i regelen eit toledda namn. Førsteleddet er oftast eit stadnamn henta frå den staden einingа først vart registrert eller beskriven, mens andreleddet er ein geologisk kategori. Døme: *Bambletrauet, Bjørnøyrenneforkastningskomplekset, Mjøsformasjonen, Østmarksynklinalen, Raipasovergruppen.*

Geologmiljøet har ein komité, Norsk stratigrafisk komité, som godkjenner og registrerer geologiske namn. *Stratigrafi* vil her seie læra om geologisk lagdeling, dvs. bergartar og lausmassar som *lag*. Komiteen vart skipa av Norsk Geologiråd i 1982. Komitémedlemmene skal dekkje den geologiske kompetansen i landet best mogleg, og kjem frå det akademiske miljøet, frå forvaltning og frå næringsliv. Eg har vore med som representant for Språkrådet mykje av tida.

Komiteen utarbeidde tidleg eit omfattande regelverk for geologiske namn: Nystuen, J.P. (red.), 1986: *Regler og råd for navnsetting av geologiske enheter i Norge. Norsk Geologisk Tidsskrift 66, Supplement 1*, 96 s. (omtalt i *Nytt om namn* nr. 5–6). Regelverket stiller krav om at ei geologisk eining skal vere godt definert og skildra før ho kan få eit formelt namn. Førsteleddet skal i regelen vere eit etablert stadnamn, og det skal følgje offisiell skrivemåte. Av og til bruker geologane eldre kart der namn kan ha forelda skrivemåte, som då må endrast. Regelverket jamstiller bokmål og nynorsk (t.d. *-gruppen/-gruppa*), i praksis er bokmål brukt.

Namngjevinga utanskjers byr på særlege problem. Det er færre stadnamn å velje mellom der enn på land. Større geologiske einingar kan etter regelverket få namn frå dei ytste kyststrøka: *Onahøgda*. Elles kan oljefeltnamn brukast som førsteledd: *Friggformasjonen*. (Namn på petroleumsfelt skal elles godkjennast av Oljedirektoratet, i samråd med Språkrådet.) Mange geologiske namn på havbotnen har fått førsteledd som ikkje er stadnamn, men i staden er henta frå ymse andre kjelder: fuglar og fiskar, fiskereiskapar, norrøn mytologi, folkedikting, sjøfartshistorie osv.: *Makrellhorsten, Ileformasjonen, Naglfardomen, Marmæleutstikkeren.*

Eg har som særskild oppgåve i komiteen å kontrollere skrivemåten av stadnamna og andre førsteledd. Her har eg hatt mykje og god hjelp av dei statlege namnekonsulentane og andre i namnemiljøet, særleg ved Universitetet i Oslo. Eit gjennomgåande problem er samansetningsfuga. Problemet kjem tydeleg fram fordi norsk og engelsk skrivemåte blir brukt side om side:

Lofotlineamentet — Lofoten Lineament
Senjaryggen — Senja Ridge
Lopphøgda — Loppa High
Trænbassenget — Træna Basin

Regelverket seier at den bundne artikkelen i stadnamn til vanleg skal sløyfast når namnet er førsteledd i norske geologiske namn, t.d. *Lofoten* > *Lofot-*. Det kan i somme tilfelle vere vanskeleg å få gjennomslag for den norske namneforma når stadnamnet er lite kjent i samansetningar eller har skiftande former. Her kan som kjent namnegranskarane vere i tvil òg. Geologane er likevel jamt over svært lojale mot norsk namneskikk.

Norsk stratigrafisk komité registrerer namna i ein stratigrafisk database i Noregs geologiske undersøking, NGU. Innpå 4000 namn med tilhøyrande opplysningar er no samla i databasen. Framover vil det mellom anna bli lagt inn ei mengd namn frå Svalbard og Barentshavet.

Marit Hovdenak
Oslo

KJERRINGSUNDET PÅ MØSSTROND
Ei folkeleg namneforklaring

I samlingane ved Avdeling for namnegransking finst det eit namn *Kjerringsundet* /ˈkɛ:riŋsonde/ frå Møsstrond i Rauland, oppskrive av Anders Meland i 1982. Namnesetelen inneheld desse opplysningane om bakgrunnen for namnet:

«Her var berre eit smalt sund i gamle Møsvatn. Tradisjonen seier om grunnen til namnet: Ei kona (kjerring) sumde over då ho skulle låna varme. Ho sumde over med varmen på baken (for å berga glørne). Ja slik seier segni. Etter dette fekk staden namn.»

MADAME MAREN JUELS VEI TIL STRANDEN
Noe om navn i Oslo

Salige madam Juel har fått en vei oppkalt etter seg i Oslo. Hvem denne madammen var, skal vi ikke gå nærmere inn på, for hensikten er ikke her å tolke navn i vanlig forstand. Vi skal isteden kort se litt på navne*formene*. Det følgende bygger på mer tilfeldige observasjoner og er ingen fullstendig gjennomgang av navn i Oslo.

Navngiving av «steder», lokaliteter, terrengformasjoner har opp gjennom tidene skjedd både tilfeldig og mer reflektert. I mange tilfeller har det vært en overgang fra opprinnelig appellativisk bruk til proprium (*lang tange* > *Den lange tangen, Langtangen*). Ikke minst i vår tid ser vi at navn i visse sammenhenger blir gitt mer bevisst. Ved utbygging i byer og tettsteder skal byggefelt, hytter og hus, brygger og bruer, gater og veier, skoler og idrettsplasser ha navn på kort tid, ofte i stort antall og på et begrensa område — det kunne av og til bli en slags navngiving engros. Når utviklinga krevde ekspansjon og utbygging, var det ikke bare bygningstekniske problem som skulle løses. Hva heter det der det skal bygges? Hva skal stedet kalles? Og hvordan skal navna skrives? Stundom har det vist seg å være språklig sprengstoff i borehulla, og flere ganger har navnesaker endt i retten. Stedsnavn er alvorlige greier, ikke minst når det gjelder valg av skriftform. De som ikke er vant til tenke i slike baner, kan da bli oppmerksom på at språk og navn har noe med hverandre å gjøre.

Skal vi skrive *veg* eller *vei* — og hva skal vi si? De mange parallellformene i bokmålet er ikke bare av det gode. Når det gjelder stedsnavn, vil noen ha former de kjenner fra eldre skrift, andre vil ha former basert på stedegen uttale. Skal det hete Honnør*bryggen* eller Honnør*brygga*, Major*stuen* eller Major*stua*, *Bunde-/Bunne*fjorden eller *Bonne-/Bånne*fjorden? Reglene for skrivemåten av stedsnavn tillater i mange tilfelle bruk av parallelle former, men det framheves at dialektformer skal legges til grunn. Sjøl om mange påstår det motsatte, er det ikke vanskelig å peke på dialektformer i Oslo. Substantiva er da en aktuell ordklasse. Gamle svake hankjønnsord som *beta, haga, måsa, stega* er i live, men har lav status. Hunkjønnsord i bestemt form entall *brygga, elva, enga, gata, grenda, hellinga, kaia, lia, stua, øya* er det vanskelig for mange å akseptere, sjøl om det er det vanligste i Oslo. De har også lavere status. *Honnørbryggen* burde forandres til *Honnørbrygga, Stranden* til *Stranda*. Det er merkelig at såpass nye navn har fått offentlig godkjenning i slik form. *Langs Linjen* (på Høybråten) kunne kanskje like gjerne skrives *Langs linja*. Men *Abbediengen* er trolig en fastgrodd eneform. Formene Frogner*seteren* og Frogner*setra* brukes antakelig nå mer om hverandre enn tidligere, men den første er gjeldende skriftform.

Haga/hage

Vi har noen navn med navneleddet *haga* og noen med *hage*: *Hagan terrasse, Havnehagan, Haugerudhagan, Hestehagan, Lysehagan, Nordhagaveien, Røahagan, Smestadhagan; Giskehagen, Kastellhagen, Kløfterhagen, Tøyenhagen.*

Skulle vi ikke kunne tillate slik variasjon? Er det nødvendig å skjære alle over én kam? Svaret kan vel være både ja og nei. Men det er ikke lett å finne argument for å beholde begge alternativ i praktisk bruk når en har parallellformer. Navngiverne burde nok bestemme seg og gjøre et valg. En kunne gjerne velge *haga* som eneform, for da ville en gi plass til et gammalt dialektmerke, som ikke burde kjennes som særlig merkverdig. Det er som nevnt flere gamle kortstava hankjønnsord som ennå er i live: *beta-betan, bråta-bråtan, kjaka-kjakan, maga-magan, måsa-måsan* (*mosa-mosan*?), *påsa-påsan* (*posa-posan*?), *staka-stakan* osv. Det heter *Korsvollbråtan*, men som oftest *Jomfrubråten, Simensbråten*, videre *Sandermosen*. Men en kan også høre *-bråtan* og *-måsan*. Jf. også *Vettakollen* og *Haraløkka* (men *Hareveien*).

Stua/stuen

Bølgene har ofte gått høyt ved navn som *Majorstuen* og *Midtstuen*, særlig det første, både i skrift og tale. Mange bruker skriftuttalen *stuen*. «Vi har alltid sagt *Majorstuen*,» sier noen. «Vi har alltid sagt *Majorstua*,» sier andre. Når det gjelder *Midtstuen*, er det antakelig flertall for denne forma. I Groruddalen derimot har vi avgjort *Smedstua*. Det burde gå an å bli enige om *-stua* som eneform.

Torg/torv

Det skal visst hete *Stortorvet* (og visstnok også *Lapsetorvet*), men ellers bare *-torg(et)*: *Ankertorget, Bryggetorget, Egertorget, Jernbanetorget, Grønlands torg, Hammersborg torg, Lilletorget, Youngstorget, Økern torg*. Eldre uttale er for øvrig *tørj*, men den er knapt i live lenger. Det burde gå an å bli enige om å skrive enten *torg* eller *torv*, ikke begge deler. Det heter ellers *Torggata* (som går mellom det samme *Stortorvet* og *Ankertorget*). *Torg* bør være eneform.

Veg/vei

Forma *vei* er enerådende i uttale og nesten enerådende i skrift. Men det finnes av en eller annen grunn noen få navn skrevet *veg*: *Aslaug Vaas veg, Morgedalsvegen, Smiuvegen, Sondrevegen, Stuttvegen, Stølsvegen, Sveavegen, Tor Jonssons veg, Venåsvegen*. Vi ser vel et mønster her, men vi merker oss at det heter Ivar Aasens *vei*. Slik inkonsekvens er antakelig utslag av en manglende helhetsvurdering hos navngiverne. Noen har kanskje tenkt at en etymologiserende skrivemåte *veg* kunne bli ny uttaleform. Jeg trur det

vil være vanskelig (sjøl om det går bra i andre tilfeller: pronomena *jeg, meg, deg* osv.).

Særskriving/sammenskriving

I gatenavn og andre adressebetegnelser er det vedtatt som hovedregel å særskrive og ha hovedleddet/terrengbetegnelsen i ubestemt form: Edvard Munchs *vei;* Colletts *gate,* Harald Hals' *park,* Lofthus *terrasse.* Men slike navn blir ofte uttalt som om de var sammensetninger: *Collettsgate, Theresegate* (skrives *Thereses gate*), *Karl Johansgate.* På den annen side skriver en *Brannskjærutstikker* (men *Kneppeskjærs Utstikker*), *Hellerud Gårdsvei* (men *Ullern Gårds vei*), videre *Nedre Kalbakkvei* (men *Nedre Skøyen vei*), både *Østre Aker vei* og *Østre Akervei* (som kan oppfattes å ha forskjellig betydning). Et par uvanlige former er *Sinsenterrassen, 7. Juni plassen* og *Valkyrieplassen.* Sistnevnte er vanligst særskrevet og uttalt med likt trykk på hvert ledd *Valkyrie plass* (nokså sikkert etter det tidligere stasjonsnavnet på Holmenkollbanen). *7. Juni plassen* ser ut til å være det eneste eksempel på særskriving og sisteleddet i bestemt form. Det ville ha vært bedre å skrive *7. juniplassen* (jf. *Bankplassen, Rådhusplassen*), eventuelt, men mindre heldig, *7. juni plass* (jf. *Stortings plass*). Slik særskriving føyer seg inn i en administrativ og skriftlig tradisjon av typen *Strand nordre,* uttalt — som en kunne vente — *Nordstrand* (som sammensetning og nå helst med tonem 1). Vi har *Wergelandsveien,* men *Welhavens gate* (uttalt som sammensetning). *Youngs gate* er den offisielle forma, men uttalen er igjen som om det var en sammensetning *Youngsgata.*

Flere navn inneholder et annet bynavn eller områdenavn. Enkelte av disse har genitivsfuge som kanskje indikerer en form for tilhørighet, en mer direkte forbindelse. Som hovedregel har de bestemt form. *Bergensveien* i Oslo har noe med Bergen å gjøre, det er den gamle veien nord- og vestover ut av byen til Bergen, *Drammensveien* er veien til Drammen, *Trondheimsveien* veien til Trondheim. Men verken *Arendalsgata* eller *Hølandsgata* fører til henholdsvis Arendal eller Høland. Her er det snakk om oppkalling, og da har praksis som regel vært sammensetning uten fuge og med sisteleddet i bestemt form: *Hafrsfjordgata, Københavngata, Sandefjordgata, Tønsberggata, Østfoldgata.* Likevel har vi altså også former som de to nettopp nevnte, og i tillegg *Bergensgata, Larviksgata; Morgedalsvegen, Hedmarksgata* (men *Finnmarkgata,* som uttales med *s*-fuge), *Opplandsgata,* og det enestående *Kristiansands gate.*

S-fuge mangler nok i skrift i *Trollvannstua* (jf. *Trollvannsveien*), muligens i *Ullevålseter* og i *Telemarksvingen.*

Innsjøen som nå i skrift opptrer som *Trollvann*, burde hatt bestemt form. Ubestemt form er ellers mindre vanlig, og har lokalt ikke vært brukt når det gjelder akkurat dette navnet. En forklaring kan kanskje være at noen har tenkt at *Sognsvann* kunne være et passende mønster. *Maridalsvannet* hadde vært et bedre forbilde. Lokalkjente undrer seg over Veivesenets skiltmerking *Grefsenkollen* (bestemt) og *Trollvann* (ubestemt).

Vålerengatunnelen er visstnok offisiell form. I denne typen sammensetninger, der førsteleddet er et stedsnavn i bestemt form, faller til vanlig den etterhengte artikkelen bort. Derfor har vi *Vålerenggata* (og tidligere *Vålerengtrikken*), *Apalløkkveien*, *Bekkestutunnelen*, *Holmenkollbanen*, *Hovedøyferja*, *Kalbakkfaret*, *Majorstuveien* osv. Det burde altså hete *Vålerengtunnelen*.

Store og små bokstaver — egennavn/fellesnavn

Det står skrevet *Bård skolemesters vei*, *Hans Steinpukkers vei*, *Nils Tollers vei*; videre *Kringsjå Studentby*, *Sogn studentby*, *Manglerud Senter*, *Lindeberg senter*, *Snipp-møllers vei*.

Regelen er at sisteleddet (grunnordet) skrives med liten bokstav: Bjerke *travbane*, Bygdøy *allé*, Gråkammen *stasjon*, Johanne Dybwads *plass*, Kristian Augusts *gate*, Lille Frøens *vei*, Vækerø *terrasse*. I noen tilfeller kan det kanskje diskuteres hva som er fellesnavn eller egennavn, om sisteleddet også skal beæres med stor forbokstav. Men det er liten grunn til å la bruken av store bokstaver ta overhånd: *Brekke Bruk*, *Bervens Løkke*, *Blindern Studenthjem*, *Bogstad Golfbane*, *Bygdøy Kapellvei*, *Bøler Gård*, *Hammersborg Torg*, *Kneppeskjærs Utstikker*, *Ris Skolevei*, *Solvang Kolonihage*. Hvorfor skrive Gamle Aker *Kirke*, men Vestre Aker *kirke*? Og det skulle ikke være verre å skrive Bygdøy *kapell* (*Bygdøy Kapellvei*) enn Bygdøy *kirke*, Hammersborg *torg* enn Akersborg *terrasse* osv. *Von der Lippes gate* hadde vært å foretrekke framfor *Von Der Lippes gate*.

Navneendringer

Det gamle gårdsnavnet *Rommen* kunne like gjerne skrives *Rommi*. Lokalmiljøet brukte — og bruker til dels ennå — forma *Rommi* i tale. Schøyens Bilcentraler trafikkerte «i alle år» bussrute fra sentrum til Grorud, og hadde en forlengelse til *Rommi* («Grorud/Rommi»). Forma *Rommen* er skriftform, som av noen også blei brukt i tale. Da Oslo Sporveier i 1960-åra bygde Grorudbanen, fikk vi stasjonsnavnet *Rommen* etter skriftforma. Forslag om endring til *Rommi* førte ikke til noe. Lokalmiljøet brukte før den store utbygginga i bydelen formene *Rommi*, *Rommibakken*, *Rommiskauen* og *Rommiskolen* (Rommiskolen er det huset som nå restaureres straks nord for det gamle *Sveiva landhandleri* ved *Trondheimsveien*). Det blir ikke akkurat noen forbedring når *Rommen* nå nesten alltid uttales med feilaktig tonelag, to-

nem 1 [rom´men]. *Rommi* uttales med tonem 2 [rom`mi]. *Hovin* og *Skøyen* er to andre gårdsnavn med liknende skjebne. *Skøyen* i det gamle Østre Aker har helt opp i vår tid vært uttalt [skø`i]. *Rommi* og *Skøi* er de eneste gamle *vin*-navn i det nåværende Oslo med vokalendelse. Det skal visstnok også gjelde *Hovi(n)*, men det har jeg til gode å høre.

Skullerud er også et gammalt gårdsnavn i det tidligere Østre Aker. Velkjent uttale blant «de innfødte» for 30 år sia var [skuleru] med lang *u* og tjukk *l*. Navnet inneholder ganske sikkert mannsnavnet *Skule*, og burde skrives *Skulerud*. Slik blei det også skrevet i mange sammenhenger. Den nye skolen het således ei tid *Skulerud* skole, men navnet blei endra til *Skullerud*. Nå er det nok for seint å gjøre noe med det.

Forandring av innarbeidde navn, særlig i sentrale strøk, er det delte meninger om: *Solplassen* er blitt til *Kronprinsesse Märthas plass*, *Rosenkrantz plass* til *C.J. Hambros plass*, *Roald Amundsens gate* til *Olav Vs gate* (uten kongelig markering). En annen slags endring gjelder småbruket *Sinober* i Lillomarka, som nå visstnok skal skrives *Zinober*. Jeg har ikke sett begrunnelsen for denne endringa, men antar at en eller annen har ment at en skrivemåte med z skulle gi en slags alderslegitimitet, kanskje med påminning om långiverspråkets form.

I det som nå kalles *Groruddalen*, er en hel bydel blitt kalt *Vestli*. Dette var et lite bruk under *Tokerud*. Men til tross for at det var flere *Tokerud*-gårder, er *Tokerud*-navnet nesten forsvunnet. Folk i området aner knapt at de egentlig bor på *Tokerud*, et navn som har vært i bruk i flere hundre år. Bydelen (og T-banestasjonen) burde ha vært kalt *Tokerud*.

Groruddalen er også et relativt nytt navn. Det kom visstnok i bruk på 1950-tallet, og skal stamme fra lokalt avismiljø. Tidligere het det *Østre Aker* og *Akerdalen*.

Et viktig prinsipp ved navngiving er at en skal prøve å bevare gamle, stedegne navn. Men hva skal en gjøre når det plutselig blir behov for et stort antall navn på et lite område? Da kan det være vanskelig å differensiere tilstrekkelig. Offentlige instanser, ikke minst Postverket, liker dårlig at en bruker samme navne-element i mange navn: *Røa terrasse*, *Røahagan*, *Røahellinga*, *Røaknekken*, *Røatoppen*, *Røaveien*. Navngiverne må da ty til andre typer laginger som 2. *Tverrvei*, *Barnålveien*, *Blåbærsvingen*, *Nøttekneika*, *Mekanikerveien*, *Revefaret*. Det kan være greit nok, men navngiverne må også i slike tilfeller passe på å velge former som passer, også språklig. Et mer humoristisk eksempel er nok *Vidsynveien* og *Breisjåveien*, to parallelle veier i samme område.

Det var også strid om navnet da *Haugerud kirke* skulle bygges. Utgangspunktet var at kirken skulle hete *Tveten kirke*, etter navnet på menigheten (skriftform). Området ved gården *Tveita* (lokal talemålsform) blei bygd ut

før *Haugerud*, og eget kirkesokn blei skilt ut. Det var lettere å skaffe kirketomt på *Haugerud* enn på *Tveita*, og der blei bygget oppført. Det er en gammal regel at kirker får navn etter stedet (gården) der de blir bygd. I dette tilfellet ville navnet *Tveten/Tveita* innebære en avvikende praksis i så måte. Det endte heldigvis bra. Kirken ligger kloss inn til *Haugerud* gård, og heter *Haugerud kirke*. Saka viste også hvordan saksgangen kan være i navnesaker, når en del forutsetninger i beslutningsprosessen mangler.

Enda et eksempel fra samme lokalmiljø: På samme *Haugerud* gårds grunn blei det bygd to skoler vegg i vegg. Ut fra ønsket om differensiering valgte navngiverne to forskjellige navn: *Haugerud* barneskole og *Trosterud* ungdomsskole (etter nabogården). Nytt eldresenter i nærheten, kloss inn til *Haugerud* T-banestasjon, er blitt kalt *Hellerud* eldresenter. Men her stammer navnet fra den administrative enheten (bydelen *Hellerud*). Mange, særlig de gamle innfødte, synes dette er en underlig blanding av navn.

Skriftformer i Postverkets offisiøse adressebok som *Bulow-hanssens plass, Gruners gate, Kronprinsesse Marthas plass, Snipp-møllers vei* o.fl. er antakelig reine skrivefeil.

Hvis jeg her skulle forsøke å formulere en liten konklusjon, måtte det være at navngivingsmyndighet og -praksis nok burde endres. Det kan stilles spørsmål om det er en god nok framgangsmåte når de enkelte bydelene i Oslo ved sin lokale administrasjon har så stor myndighet i navnesaker. Saksbehandlinga kan lett bli tilfeldig og lite enhetlig for byen. Det burde den ikke være. Navngiving er ikke alltid så enkelt. Det ville antakelig være en betryggelse for best mulig saksbehandling om en dro inn den offentlige navnekonsulent-tjenesten i prosessen.

Bjørn Eithun
Oslo

NAMNSETJINGSPROBLEM PÅ SKULLERUD

Gardbrukar Ole Opsahl som driv Skullerud gård, har kome med eit namnsetjingsproblem som det har vore fleire av i seinare tid. Bakgrunnen er at Exact Eiendomsmeglere i samarbeid med firmaet Forus planlegg eit utbyggingsprosjekt på Skullerud like ved krysset Skullerudbakken og Europaveien (mellom General Ruges vei og Skullerudbakken) i Oslo. I prospektet er namnet *Skullerud Gård* nytta, medan det planlagde utbyggingsområdet ligg 700–800 m frå sjølve garden. På området, som vel å merkja er utskilt frå den gamle garden Skullerud, ligg den tidlegare Nordstrand helseheim,

og i prospektet vert det sagt at det gamle bygningsmiljøet på Skullerud Gård er teke vare på, men det er då meint den gamle helseheimen.

Eigaren av det gamle hovudbruket på Skullerud meiner dette er uheldig, både av di utbyggingsområdet ligg eit godt stykke frå Skullerud, og av di det fører til ulemper ved at folk kjem til garden og spør om prosjektet.

Han meiner at *Skullerudbakken* eller *Skullerudåsene* kunne vera høvelege namn på det planlagde bustadfeltet. Skullerud åleine er ikkje presist nok av di det er innarbeidd i fleire funksjonar, m.a. som stasjonsnamn og områdenamn. Elles opplyser Opsahl at *Midtåsene* har vore nytta om den øvre delen av området.

Utbyggingsfirmaet (Exact Eiendomsmeglere) vedgår at dei har tenkt ein god del på namnevalet og seier at det var ikkje heilt lett. Dei opplyser at når dei landa på *Skullerud Gård*, var det med tanke på at tillegget «gård» òg kunne tyda «bygård», og at den gamle helseheimen skulle utgjera kjernen i den nye bustadsameiga. Elles seier firmaet at dei er opne for andre namn i tida frametter, og ikkje har noko imot at bustadsameiga kunne verta heitande t.d. *Skullerudbakken* offisielt.

Når det gjeld bruken av tillegget «gård» (ofte skrive med stor førebokstav), så er ikkje det ein tradisjonell del av eit gardsnamn. Det vanlege har vore å nytta gardsnamnet åleine om garden, men gjerne med eit daglegnamn på dei einskilde bruka. I seinare tid har det likevel vorte meir og meir vanleg med tillegget *-gård* for å skilja mellom den gamle garden og nyare funksjonar som stasjonsnamn o.l. Ei alternativ og meir tradisjonell namnelaging ville vera *Skullerudgården*, i alle fall i tydinga 'bygård'.

Det er lite i lovverket som set forbod mot bruk av stadnamn. Stadnamnlova gjeld *skrivemåten* av stadnamn og korleis han skal fastsetjast og nyttast av det offentlege. Personnamnlova og delingslova regulerer bruken av verna slektsnamn som bruksnamn, medan lov om firmanamn har visse restriksjonar om namneval. Desse lovene får neppe verknad i dette tilfellet.

Derimot kan kommunen ha ein viss innverknad på namnebruken gjennom adressetildelinga. Det er då rimeleg at dette prosjektet får adresse til Skullerudbakken eller ein annan nærliggjande veg, eventuelt eit eige namn som høver på staden. Men i mellomtida kan det feilaktige namnet «Skullerud Gård» verta innarbeidd slik at kommunen kan kjenna seg bunden.

Departementet har heller ikkje noko mynde til å gripa inn her. Spørsmålet om lovvern av *bruken* av stadnamn synest aktualisert.

BH

HEGGØYNA ELLER *HEGGØY*
Om bunden eller ubunden form i stadnamnnormeringa

I lokalmiljøa kringom har ein i seinare tid merka eit stadig sterkare ønske om å hindra at den nedarva, munnleg baserte stadnamntradisjonen blir borte. Situasjonen er dessverre slik i dag at det ikkje lenger er sjølvsagt at den munnlege namnekulturen som me har arva frå tidlegare generasjonar, skal leva vidare av seg sjølv. Her ligg mykje av bakgrunnen for at dei folkevalde på Stortinget gav oss lov om stadnamn i 1990 (lova tok til å gjelda frå 1. juli 1991). Med grunnlag i denne lova skal det offentlege no blant anna vurdera skrivemåten til ein del stadnamn i kystkommunane i Hordaland. I den samanhengen blir det eit sentralt spørsmål om namna skal skrivast med bunden eller ubunden form.

Dei aller fleste namna som (i utgangspunktet) går på reine naturlokalitetar som øyar, holmar, vikar og nes, har bunden form i uttalen. Dette systemet er i fullt samsvar med substantivbruken i vanleg norsk daglegtale. Det er på mange måtar unaturleg at namn som ikkje stammar frå den gammalnorske språkperioden (eller endå tidlegare tider), får ubunden form. Det er nok så at ein del av stadnamna våre blei danna i tidleg gammalnorsk tid. Slike namn hadde *til å begynna med* ikkje etterhengd bunden artikkel. Men mange av desse namna fekk truleg bunden form då den etterhengde bundne artikkelen blei teken i bruk i vanleg appellativisk samanheng i siste delen av den gammalnorske perioden eller like etterpå.

Det er i grunnen like naturleg at det heiter «bortpå Långøy*næ*» eller «Långøy*na*» og «heimi Austevikj*æ*» eller «Austevikj*a*», som det heiter «på øy*næ*/øy*na*» og «i vikj*æ*/vikj*a*».

Uttaleformer med ubunden form ser likevel ut til å ha breidd seg litt dei siste åra. Dette kan ha fleire grunnar. Når det gjeld namn på større øyar, kan det ha gjort seg gjeldande ein viss smitteeffekt frå kommunenamn som *Radøy*, *Osterøy* og *Askøy*. Det at forskjellige stadnamn ofte er skrivne med ubunden form i rutehefte, på skilt, i ulike dokument og i annan meir eller mindre offentleg samanheng, har nok òg ein del å seia her. I tillegg kjem påverknaden frå *slektsnamn* som heng saman med gardsnamn og namn på naturlokalitetar. Slektsnamna har oftast ubunden form. I mange tilfelle er det endåtil slik at namn som tidlegare hadde dei bundne formene *-øen* og *-vigen*, er forma om til *-øy* og *-vik* i dag. Me kan ta namnet på gard nummer 48 i Øygarden kommune som eksempel. Enkelte meiner at dette namnet bør skrivast *Heggøy*, sjølv om den lokale uttaleforma er «Heggjøy*næ*», og trass i det at namnet er skrive med den bundne forma *-øen* i mange hundre år, heilt til førstninga av 1900-talet. (Sjå Norske Gaardnavne XI s. 385.) Ein må verkeleg spørja seg kva som kan vera grun-

nen til at så mange namn i skriftleg samanheng fekk ubunden form tidleg på 1900-talet. Det er mogleg at det først og fremst skuldast at *i*-formene og seinare *a*-formene verka lite «familiære» i starten på grunn av den manglande tradisjonen for desse formene. I dag er dette annleis. *A*-endinga har no fått høg «status» og er forlengst godt innarbeidd i den allmenne skriftmålskulturen. Skulle det ikkje så vera på tide å la stadnamnkulturen følgja etter?

Slektsnamna blir som regel brukte langt oftare og i fleire samanhengar enn gardsnamna dei måtte ha utgangspunkt i. Viss ein for eksempel kjenner ei mengd personar som skriv seg *Haugsøy*, er det ikkje løye om ein etter kvart kan innbilla seg at òg det tilsvarande stadnamnet skal uttalast «Haugsøy», det vil seia med ubunden form. Denne effekten gjer seg venteleg sterkast gjeldande overfor personar som ikkje er så godt kjende på staden. Men òg somme av dei som veit at stadnamnet «etter gammalt» har bunden form (*-øynæ*, *-øyna* eller *-øynå*), kan komma til å rekna normeringsforma *Haugsøy* som ei meir «korrekt» namneform. Mange ser ut til å meina at det finst eit skilje mellom stygge og fine namnevariantar, og at namna opptrer med forskjellig form i ulike samanhengar. I ei namnesak i Rogaland der det er snakk om å regulera den offisielle skrivemåten til ulike øynamn, er det blant anna skrive følgjande i ei høyringsfråsegn:

> Namnet på f.eks. Åmøy kan bli uttala på to måtar:
>
> a) Åmøynå kan ha ei litt nedsetjande tyding: Eg må visst ro bort til denne (fille) Åmøynå.
>
> b) Åmøy uttrykkjer respekt/god omtale: Ingen er forelska i ei jente fra Åmøynå. Ho er frå Åmøy.
>
> Kjeøy/Kjeøynå kan vanskeleg visast stor vørnad, lita og skrinn som ho er, derfor Kjeøynå eller Kjøynå til vanleg. I Rennesøy kommune styrer autoritetane, men «folket» bur på Rennesøynå.

Av og til kan ein lura på om det gjer seg gjeldande ei viss motetenking i handsaminga av stadnamn. Her kan me ta som eksempel eit namn som dei siste åra har vore mykje framme i nyheitene: I Øygarden har me eit nes som i den lokale stadnamnkulturen i uminnelege tider har vore nemnt som *Kollsneset*. Men kva skjedde då det skulle lagast planar for eit ilandføringsanlegg på dette neset og namnet skulle takast i bruk i offentlege dokument? Jau, kontoristane måtte liksom «pynta» på namnet med å stryka den bundne artikkelen. Det kan seiast å vera ekstra trist at dette hende i ein kommune som ber eit namn med bunden form. Me bør ikkje forakta den namnelagingstradisjonen som har gitt oss kommunenamn som *Øygarden*, *Masfjorden* og *Modalen*.

Eit hovudføremål med lov om stadnamn er å ta vare på namna me har fått i arv frå forfedrane våre. I paragraf 1-1 i dei tilhøyrande forskriftene for skrivemåten av stadnamn har me denne definisjonen av «nedervde» stadnamn:

> Med nedervde stadnamn er meint stadnamn som er munnleg overleverte frå tidlegare generasjonar, som har vore vanlege på staden, og som framleis er i levande bruk.

Dei munnlege namneformene har ofte halde seg forbløffande stabile sjølv om det opp gjennom tidene har vore mykje vingling og rot når det gjeld skrivemåten.

Punkt a i paragraf 2-3 i forskriftene har denne ordlyden:

> Grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform og bunden eller ubunden form skal som hovudregel rette seg etter målføret.

I lov om stadnamn er det ein grunnregel at ein skal ta «utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen» når ein skal avgjera korleis ulike namn skal skrivast (paragraf 4).

Etter tilråding frå Bergen kommune er det nyleg vedteke at ein der skal bruka den bundne forma *-øyna* i offentleg samanheng. Dette gjeld for eksempel namneformene *Flatøyna, Ospøyna, Ormøyna* og *Ulvøyna* i Fana.

Det er ikkje alle stader folk har like stor sans for skrivemåtane med bunden form. Den nemnde saka i Rogaland skapte ganske mykje røre. I ein leiarartikkel i Stavanger Aftenblad i vår blei dei normerte namneformene på *-øy(n)a* karakteriserte som «nye former som er så langt borte fra det levende talespråket at det er umusikalsk». Vidare blei det skrive at «kartverkets folk er trofaste slitere i det offentlige fremmedgjøringsarbeidet». Andre sitat frå same avisa: «(...) er inne på tanken om at det sitter en eller annen papirhane bak et skrivebord i Oslo med røtter på Sørlandet.» «Det går ikke an å si at vi bor på Finnøya. Det er jo helt vilt og svært kunstig.» Ordføraren i Stavanger skal ha sagt følgjande til same avisa: «Jeg vet ikke om en eneste som sier Vassøya, det høres veldig kunstig ut.»

No har ingen hevda at folk i Rogaland *seier* «*øya*» eller «*øyna*». Folk veit òg såre vel at ingen «ekta» rogalending seier «elv*a*», «li*a*», «bru*a*» og «gat*a*». Difor kan ein undra seg på kvifor det er så mykje verre å skriva *-øya* eller *-øyna* enn det er å skriva dei andre appellativa med *a*-ending. Det er grunn til å tru at skrifttradisjonen har ein god del å seia her. Ingen ser ut til å ha noko imot at ein skriv for eksempel *Bybrua*, sjølv om det absolutt er mest vanleg å seia «bybrunå». Det dreier seg om ei forholdsvis ny bru,

og namnet på brua er nok alltid skrive *Bybrua*. Ein skal ikkje kimsa åt det at folk føler ein framandgjer øynamna når ein skriv *-øya* eller *-øyna*. Men ein skal samtidig vera klar over at i den grad det er snakk om framandgjering, er dette først og fremst relatert til skrifttradisjonen.

Stadnamnlova og forskriftene gjer det mogleg å ta betre vare på den nedarva namneskatten. Det er ikkje tale om å forandra dei gamle namna eller å nær sagt laga nye namn. Føremålet med å endra den offisielle *skrivemåten* til enkelte namn må vera å prøva finna fram til former som speglar den munnlege namnetradisjonen betre. Når aviser og andre medium omtalar namnesaker, blir det svært ofte brukt karakteristikkar som «nye namn» og «namneendringar».

Dette syner at folk misoppfattar kva namnesakene dreier seg om. Reelt er det ofte ikkje eingong rett å snakka om endra skrivemåtar. I dei aktuelle namnesakene i Hordaland har me for eksempel for oss ein del øynamn som på ulike kart og i andre samanhengar frå før er skrivne med endinga *-øyna*. I desse tilfella kan ein seia at Namnekonsulenttenesta har tilrådd ei *autorisering* av skriftformene på *-øyna*. Dette inneber at ein samlar seg om berre *éin* offisiell skrivemåte for det enkelte namnet. (I paragraf 3 i stadnamnlova står det at «Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal skrivemåten brukast av alle offentlege organ, selskap som det offentlege eig fullt ut, og stiftingar som er oppretta av det offentlege».)

Kjell Erik Steinbru
Bergen

FILEFJELL ELLER *FILLEFJELLET*?

Sidan eg er født og oppvaksen i Vang i Valdres, og i tillegg arbeidde ein del med målføret der i si tid, har redaksjonen av *Nytt om namn* bede meg skrive nokre ord om det omstridde namnet i overskrifta. Eg skal kort gjere greie for korleis eg ser på denne namnesaka.

Visstnok alt i 1936 vedtok statens namnekonsulentar ut frå språkhistoriske grunnar og opplysningar dei hadde fått om den lokale uttalen, at den offisielle skrivemåten for namnet på fjellovergangen mellom Valdres og Sogn skulle vere *Fillefjell*. Ut frå dei opplysningane dei bygde på den gongen, gjorde dei etter mitt skjønn eit rett vedtak. Men det ser ut for at dette er eit vedtak som har gått dei fleste vangsgjeldingar, og andre valdrisar med, hus forbi, for når det frå tid til anna oppstår strid om skrivemåten av

dette namnet i lokalavisa, sist no på ettervinteren 95, trur dei aller fleste som ytrar seg, at denne skrivemåten må vere eit nytt påfunn frå styresmaktene og som dei, så langt eg har registrert, samrøystes går imot.

Professorane Gustav Indrebø (Maal og Minne 1936), Mikjel Sørlie (Maal og Minne 1966/Årbok for Valdres Historielag 1978) og Olav T. Beito (Maal og Minne 1979/Årbok for Valdres Historielag 1979) har skrive om namnet og freista tolke det. Alle tre slår fast at språkhistorisk sett er skrivemåten *Fillefjell* den rette. Det finn eg ingen grunn til å tvile på. Derimot finn eg grunn til å setje eit lite spørsmålsteikn ved dei opplysningane om den lokale uttalen som dei opererer med. Eg har ikkje grunnlag for å uttale meg om kva dei seier og sa i Indre Sogn, så eg skal halde meg på austsida av fjellet.

Indrebø siterer folkehøgskulelærar Knut Hermundstad frå Vang: «Det finst ingen mann i Nord-Valdres som seier anna enn Fillefjèllè og [dativ] uppaa Fillefjèllé.» Sørlie seier 30 år seinare: «Det er ingen tvil om at skrivemåten *Fillefjell* er den rette, den bygger på uttala i bygdene aust og vest for fjellet.» Beito skriv i 1979 at «den noverande uttalen i Valdres er ustø, *Fillə-* el. *Fīlə-*» og viser til ordskifte i bladet «Valdres» i 1953 og 1958, og vidare at «gammalt folk i Vang sa enno i manns minne 'uppå Fil(l)e'». Det er to vangsgjeldingar fødde like etter 1900, Johs. Havro og Ole Oppdal, som har opplyst Beito om dei usamansette formene; den første i forma *File*, den andre i forma *Fille*. Det vil seie at desse to kunne hugse at gammalt folk hadde brukt dei usamansette formene, men dei er usamde når det gjeld talet på *l*-ar. (Olav Havro, bror til Johs., stadfester det broren har opplyst, i eit ordskifte om *Filefjell/Fillefjell* i Bergens Tidende 1981, der han namngjev to frå Vennis i Vang som sa *File* om Filefjell.)

I samband med at eg vinteren 1968—69 samla materiale til ei hovudoppgåve om endringar i ordtilfanget i Vangs-målet, intervjua eg om lag 80 vangsgjeldingar. Den yngste var fødd i 1953, den eldste i 1880, 35 av heimelsfolka var over 60 år, dvs. fødde mellom 1880 og 1909. For moro skuld spurde eg dei eldste, særleg dei som budde nærast den omskrivne fjelloverganen, kva dei kalla han. Som den historisk orienterte målførestudenten eg var, håpa eg sjølvsagt at nokon skulle svare *Fillefjell*. (Eg var sjølv lovlydig og skreiv *Fillefjell* i hovudoppgåva, sjølv om eg aldri har sagt, eller høyrt nokon annan bruke, anna enn *Filefjell*. Eg vil òg streke under at det ikkje var noka systematisk undersøking i den forstand at eg var innom alle gardar i Vang.) Svaret eg fekk, var utan unntak *Filefjell*, og ingen av dei eg spurde, kunne hugse å ha høyrt noko anna. Eg har heller ikkje seinare råka på vangsgjeldingar som bruker eller kjenner noka anna form. Eg tok kontakt med dotter til Ole Oppdal før eg skreiv dette, og for henne òg var former som *Fille* eller *Fillefjell* ukjende. Eg meiner ikkje med dette å seie at Beito har fått range opplysningar, Ole Oppdal var ein kunnskapsrik og på-

liteleg mann. Men det viser at alt tyder på at desse formene både har gått or bruk og er gløymde. Eg kan leggje til at sekretæren for namnekonsulentane, Terje Larsen, våren 95 snakka med fleire eldre folk frå Øye i Vang, og fekk same svar som eg fekk for 26 år sidan.

Eg synest i det heile det er underleg dersom *Fille-* så totalt rådde grunnen i 30-åra som Knut Hermundstad hevdar, og i tillegg vart offisiell form, at ho har vorte heilt borte i ettertida, og dertil gløymd.

Spørsmålet som etter kvart melder seg, er om ein skal la det historiske synet vege tyngst og halde på forma *Fille-*, eller om ein skal ta mest omsyn til den forma som i alle fall i Valdres synest einerådande i dag. Ivar Aars, som har arbeidd mykje med namn i Valdres, skreiv i bladet «Valdres» i februar 1995: «Diskusjonen om eventuell endring av namnet Fillefjell vil ganske visst gå vidare, og det finst tallause døme på endring av skriftformer som er historisk korrekte, når språkutviklingi har gjort det naturleg. Den dagen så å seia samtlege valdrisar og sogningar uttalar Filefjell, er det god grunn til å drøfte namneendring.» Etter mine erfaringar er det for lengst tilfelle på vår side av fjellet, og eg må seie at eg blir forundra, og litt oppgitt, når Norsk stadnamnleksikon, 3. utg. 1990, skriv under oppslaget *Fillefjellet*: «Utt. i Sogn [fid`lefjedle], i Valdres [fil`lefjelle]». Skulle ikkje tida snart vere mogen for ein revisjon på dette punktet?

I den nemnde diskusjonen i Bergens Tidende blir det hevda at *Filefjell* er ei meiningslaus namneform. Kva vil det seie? For folk flest er det uinteressant om ho er historisk korrekt eller ikkje. For oss fungerer *Filefjell* akkurat like bra som namn på denne bestemte fjellstrekninga som *Mjøsa, Gausta* eller *Hardanger* gjer det på sine lokalitetar; vi tenkjer vanlegvis ikkje på det historiske opphavet når vi bruker desse namna heller. Vi valdrisar, og andre òg for den del, veit presist kva som meinest med namnet *Filefjell*, det er vi kjende og fortrulege med. Derimot blir vi meir usikre når det blir snakk om *Fillefjell*, for ikkje å snakke om *Fillefjellet*, for desse formene er i beste fall berre papirformer for oss i dag.

Eg trur det ville vere klokt å endre den offisielle skrivemåten til *Filefjell*. På den måten vil ein sleppe den forvirringa som oppstår ved at det står *Fillefjell* på kart og i andre offisielle samanhengar, medan folk elles seier og skriv *Filefjell*. For det er eg overtydd om at både vangsgjeldingar og andre vil halde fram med, same kva resultat statens namnekonsulentar måtte komme fram til. Vi vil også sleppe dei stadige skriveria i lokalavisa, og den stadige irritasjonen, når ein eller annan blir klar over at styresmaktene vil ha oss til å skrive *Fillefjell* eller kanskje til og med *Fillefjellet*.

Boye Wangensteen
Oslo

TORVLØYSA ELLER *TARVLØYSA*

På fastlandet søraust for Veøya i Rauma kommune i Møre og Romsdal er det eit nesten 1100 meter høgt, ruvande fjell som på kart i dag blir skrive Torvløysa. Uttalen er *Tarløyså* /"ta:rlE:så/. Når ein ser kartnamnet, kan ein tolke det som fjellet som manglar torv. Sjølvsagt er det berre stein når ein kjem høgt nok opp, men slik har alle fjell i området det.

I «Professor Knud Leems Norske Maalsamlingar fraa 1740-aari» (utgjevne av Torleiv Hannaas, Kristiania 1923) finn vi side 272: **Tar-lous** (Tarv-løs). I ein fotnote skriv Hannaas: *Tar-lous: tarvlaus*, adj. Like eins hjaa Strøm (Søndm. Beskr. I, 519).

I ordbøker kan ein lese at det som ligg i tarvlaus (norr. þarflauss), er uturvande, unødvendig, unyttig. Substantivet tarvløyse (norr. þarfleysa) tyder noko som er uturvande, unyttig, ei gagnløyse. Av dette ser det ut som ein kan tolke fjellnamnet som det unyttige eller gagnlause fjellet.

Ein kan kome i hug oppdalingen som Vinje trefte sommaren 1860. Denne karen såg visst ikkje den store nytten av gråstein. Då Vinje spurde korleis han helst hadde sett det heimlege landskapet, svara han: «Slett og fagert som ned i Skaane og Danmark, der Ein kann sjaa heile sjau Kyrkjur fraa ein liten Haug.»

Det kan vere at mange romsdalingar hadde det på same måten. Dei såg ikkje den store nytten i breiaksla fjell som skygde for sola vinters dag.

Kåre Magne Holsbøvåg
Kleive

IVAR AASEN OM NAMNET *LEVELD*

I Heidersskrift til Nils Hallan (Oslo 1991) skreiv eg artikkelen «Merknader til nokre stadnamn i Hallingdal». Der drøfte eg m.a. namnet *Leveld* (s. 322–324) utan å koma fram til nokor full visse om kva opphavet kunne vera, men framlegget i Norske Gaardnavne V (s. 145) om dat. eint. *Leikvelli* eller nom. flt. *Leikvellir* er nok ei blindgate.

Ein av dei fyrste som freista seg på å tolka dette namnet, var Ivar Aasen, som omtalar det i eit brev til presten i Ål, Johan Fredrik Monrad, i 1880. Dei tankar Aasen her set fram, ligg så nær oppunder noko av det eg skreiv i festskriftet, at eg kjenner meg mest som ein plagiator. Til det er det òg å seia at i 1970-åri las eg gjennom alle brev av Aasen, og tankane mine om namnet *Leveld* kan ha opphav i dette brevet, utan at eg hadde det klårt for

meg då eg skreiv om namnet i 1991. For framtidi bør det i alle høve gjerast klårt at eit par av tolkingsframleggi i mitt stykke var det Ivar Aasen som kom med fyrst. Skilnaden ligg i at eg drøfter fleire framlegg.

Eg skal ikkje kommentera noko i brevet bortsett frå den uttalen Aasen gjev opp: dat. flt. «i Leveldo». Denne uttaleformi har vore ukjend i nyare tid, so vidt eg veit – men ho kan vera ei stød for tolkingane Aasen og eg la fram.

Nedanfor fylgjer brevet frå Aasen til Monrad.

Til Pastor Monrad i Aal.

Om Betydningen af Navnet Læveld veed jeg ikke at sige noget, som kan være til nogen synderlig Oplysning. Det er Tilfældet med mange af vore Stedsnavne, at de ere meget vanskelige at forstaae, og allermest naar de ikke forefindes i Jordebøger eller Dokumenter i den gammelnorske Form, da det saa ofte viser sig at Navnene i de senere Tider ere blevne forkortede eller forvanskede. Paa mine Reiser i Hallingdal har jeg ogsaa selv hørt dette Navn, men jeg synes kun at have hørt det i Formen i Leveldo (Dativ pl.). Hvis dette er rigtigt kunde man tænke, at «velde» kunde betyde en Jordeiendom eller en Strækning, som En har Vald eller Raadighed over. Men dette er ikke at stole paa. I Valders er ogsaa et Sted som hedder «i Skaveldo»; men dette findes nævnt i Øysteins Jordebog (fra 1400) i Formen Skafvella, og Navnets sidste Deel bliver altsaa tvivlsom. Og ved det første Led af Navnet Levelde bliver her endnu mere Uvished, det kunde være det gamle Ord Le (hlé), ⊃: Skjul eller Ly for Vinden; men det kunde ogsaa være en afstumpet Form af et andet Ord saasom Led (hlid), ⊃: en Side, eller Lægje (lægi), et Liggested eller noget lignende. Da man saaledes kun er henviist til Gisninger, som altid ere vanskelige at bygge paa, saa tror jeg, at der for det første ikke er noget videre at gjøre, end at skrive det efter tilvant Brug, nemlig enten Le-, eller Læ- eftersom det passer bedst til Almuens Udtale.

Chr. den 15de Okt. 1880.

Ærbødigst
[I. Aasen]

Brevet er prenta i Reidar Djupedals utgåve Brev og dagbøker II, Oslo 1958, s. 185–186. Monrad hadde skrive til Aasen 5.10.1880 og spurt kva namnet tydde. Frå Oluf Rygh hadde han føreåt fått opplyst at «Endestavelsen veld er det nuværende vold, medens Forstavelsens Betydning ikke forstaaes» (merknad ved Djupedal, same bd., s. 349).

Magne Myhren
Oslo

ANDREAS HEUSLER OM MAGNUS OLSEN I 1917
Utdrag av
Beiträge zur Namenforschung 1992

I ein artikkel i det tyske namnetidsskriftet *Beiträge zur Namenforschung* (1992, s. 3–9) om den tyske filologen Andreas Heusler (1865–1940) gjev forfattaren Gerhart Lohse att noko av ei brevveksling Heusler hadde med Wilhelm Ranisch. Heusler var tilsett som professor i Berlin, seinare i Basel. I eit brev datert 10. juni 1917 kjem Heusler inn på arbeidet til Magnus Olsen. Det skin gjennom at han har lese *Hedenske kultminder i norske stedsnavne* (1915). Han fortel at han har slite seg gjennom dei «nyare mytologiske vågestykka» som då hadde kome han i hende, og særleg Magnus Olsens murstein av ei bok om stadnamn. «Das ist etwas sehr Böses!», skriv han. Og den vidare domen er ikkje nådig:

> S. Bugges skule går ut på ei kritisk gjennomprøving av det overleverte materialet for å gjera det klart kva ein kan få svar på – men dette hoppar Magnus Olsen over. Han har raska saman ei sinnrik og kunstferdig rustning som skal kunna stå for alle stikk og hogg, men denne rustninga er av papp. Ein treng ikkje jern for å koma gjennom, ein harekjepp er nok. Og denne skinbygnaden er oppstilt med eit viktigmakeri og ein doserande tone. Når det gjeld metoden, så vert det som ein på s. 80 får framstilt som ei mogeleg løysing, opphøgd til eit faktum på s. 120, som ein vidare kan dyngje tonnevis av slutningar på, osb.

Heusler seier vidare at han har «skrive ut mange sider med utdrag og kritiske spørsmål», fordi han «ut frå sin sterke motvilje mot slike framgangsmåtar ikkje ville overlata [den metodiske?] styringa». Fasiten hjå Heusler er at det her «ligg føre eit mistilhøve mellom skarpsinn og brukande resultat». Det som i røynda har kome ut av arbeidet til Magnus Olsen, «kan få plass på eit par sider og er knapt meir enn det som den gamle Oluf Rygh kom fram til».

BH

NAMNETOPPEN 1994

Det er no to år sidan vi sist hadde eit oversyn over dei vanlegaste førenamna her i landet (*Nytt om namn* nr. 18, s. 35–36). Opplysningane er også denne gongen henta frå *Ukens statistikk* (nr. 4 1995), som Statistisk sentralbyrå gir ut. Lista er utarbeidd av Jørgen Ouren på grunnlag av 62 450 namnemeldingar til folkeregisteret i 1994. Av dei gjeld fjerdeparten barn fødde i 1993. Sidan lova set ein frist på seks månader til å melde frå om namn, vil det stadig vera tilfelle der namnet blir registrert året etter at barnet er fødd. Men i og med at dette er likt for kvart år, treng ein ikkje å ta omsyn til det når ein skal vurdere tendensar i namnebruken på litt lengre sikt.

Namn som blir skrivne på ulike måtar (t.d. *Caroline/Karoline* og *Håkon/Haakon*), er her oppførte med den forma som er vanlegast i grunnlagsmaterialet. Dei tjue mest brukte manns- og kvinnenamna i 1994 er:

1.	Martin	856	1.	Karoline	714
2.	Kristian	730	2.	Ida	627
3.	Kristoffer	727	3.	Silje	587
4.	Andreas	631	4.	Marte	562
5.	Thomas	628	5.	Camilla	554
6.	Daniel	559	6.	Kristine	525
7.	Marius	545	7.	Julie	466
8.	Joakim	542	8.	Stine	438
9.	Fredrik	522	9.	Ingrid	407
10.	Ole	503	10.	Katrine	393
11.	Aleksander	489	11.	Maria	375
12.	Anders	480	12.	Helene	373
13.	Henrik	478	13.	Martine	366
14.	Stian	476	14.	Vilde	342
15.	Håkon	450	15.	Malin	332
16.	Magnus	436	16.	Marie	320
17.	Eirik	429	17.	Sara	316
18.	Jonas	421	18.	Tonje	309
19.	Sondre	420	19.	Hanne	299
19.	Espen	420	20.	Mari	291

Tala står for namneberarar. Talet 856 for *Martin* svarar til 2.6 prosent av gutane, og talet 714 for *Karoline* svarar til 2.3 prosent av jentene. På 10.plass har *Ole* 1.5 prosent og *Katrine* 1.2 prosent.

Namna er stort sett dei same som i 1992. Mellom dei femten fremste er det berre to nye for kvart kjønn: *Henrik* og *Håkon* på gutesida og *Martine* og *Vilde* på jentesida, og noko storkliv har ingen av dei gjort. Går vi fem

år tilbake, blir det litt større endring. Frå åra 1988–89 til 1994 har det kome inn sju nye jentenamn og fire nye gutenamn mellom dei tjue fremste. Men også desse har stort sett breidd seg jamt og trutt. Einast *Julie*, *Sondre* og *Vilde* har hatt markert framgang på stutt tid. Namnebruken er med andre ord relativt stabil, og vi må nok sjå ti–tolv årsklassar under eitt før vi kan registrere ei meir gjennomgripande veksling i toppen. Etter det avisene skriv, kan ein lett tru at motane svingar i takt med kvar kjendis som stig eller fell i offentleg glans. Både *Kristin* og *Håkon* var spådde ei blomstring i 1994 på grunn av OL på Lillehammer. Men det slo ikkje til. Den *Vegard*-feberen pressa melde om etter OL i Albertville i 1992, vart det heller ikkje noko av. Det er fleire – og oftast sterkare – faktorar enn oppstuss i media som avgjer namnevalet for folk flest. Dette gjeld vel å merke namn som er vanlege frå før. Heilt nye og sjeldne namn har mange gonger media å takke for framgangen, t.d. *Malin*, *Ronja* og *Tanita*. Det er neppe tilfeldig at dei beste døma i så måte er å finne blant kvinnenamna.

Ouren har òg sett opp dei tjue vanlegaste namna i kvart fylke og i Bærum kommune. Desse listene har frå 12 til 18 namn felles med landslista. Det er færrast avvik i Hordaland (2 gutenamn og 3 jentenamn) og flest i Finnmark (8 for begge kjønn). På jentesida er Hedmark like særmerkt som Finnmark, men har ikkje så mange avvikande gutenamn (4). Til gjengjeld er eit par av plasseringane på gutelista i Hedmark svært avstikkande (sjå nedanfor). På alle listene til saman er det 60 jentenamn og 40 gutenamn. Namnebruken varierer altså meir geografisk blant jenter enn blant gutar. Somt av dette er utslag av notidig mote, men vi ser òg tilfelle av oppattliva eldre tradisjon, t.d. *Mari* i Oppland.

Somme av toppnamna på landslista står svakt i einskilde fylke. *Karoline* er såleis på 20.plass i Nord-Trøndelag, *Ida* på 20.plass i Bærum og *Silje* på 14.plass i Oslo, på 15.plass i Bærum og uplassert i Finnmark. Omvendt har mange namn lenger nede på landslista markerte tyngdepunkt i eitt eller to fylke. Såleis er *Mari* på 1.plass i Oppland, *Julie* på 1.plass i Oslo og Nord-Trøndelag, *Ingrid* på 2.plass i Nord-Trøndelag, *Stine* på 2.plass i Buskerud og *Vilde* på 2.plass i Bærum og 3.plass i Sogn og Fjordane. Av namn som ikkje er mellom dei tjue fremste på landsbasis, ligg *Thea* på 4.plass i Oppland, *Maren* på 5.plass i Rogaland, *Andrea* på 6.plass i Møre og Romsdal og *Frida* på 7.plass i Nord-Trøndelag.

Blant gutane er dei tre mest populære namna uplasserte i eitt fylke kvar: *Martin* i Vest-Agder, *Kristian* i Østfold og *Kristoffer* i Oppland. *Kristoffer* står òg svakt i Sør-Trøndelag (18.plass). Lokale kjerneområde har m.a. *Ole* med 1.plass i Hedmark og Møre og Romsdal og 2.plass i Nord-Trøndelag, *Thomas* med 1.plass i Aust-Agder og Rogaland, *Daniel* med 1.plass i Vest-Agder, *Stian* med 2.plass i Aust-Agder, *Sondre* med 3.plass i Møre og

Romsdal og *Fredrik* med 3.plass i Akershus og Bærum. Alle desse er med på landslista. Av namn utanfor landslista når *Simen* høgst med 2.plass i Hedmark, medan *Lars* er på 5.plass i Hedmark og Oppland og *Kim* på 7.plass i Finnmark. Ein interessant nykommar er *Karl*, som er inne på 14.plass i Bærum. Ser vi her spiren til noko stort? Det har vist seg mange gonger at namn som først vinn fram i Bærum (og eventuelt i Oslo), har gode sjansar til å bli landsmote om få år. Jentenamna *Julie* og *Vilde* er klare døme på det.

Skrivemåten har endra seg ein del sidan 1988—89. Tendensen er at *K-* tek over for *C-* og *Ch-*. Såleis har formene *Kamilla, Karoline, Katrine, Kristina, Kristian, Kristoffer* og *Joakim* vorte vanlegare enn før. Ein viss framgang har òg *Aleksander, Håkon* og *Tomas* i høve til *Alexander, Haakon* og *Thomas*. Forma *Håkon* dominerer no stort (84 prosent), medan *T(h)omas* trass i snunaden oftast blir skrive med *Th-* (90 prosent) framleis. Denne utviklinga gir namnetilfanget eit meir heimleg, ukunstla preg. Men det finst unntak, m.a. blir *Markus/Marcus* og *Marthe/Marte* oftare skrivne med *-c-* respektive *-h-* no enn for fem år sidan.

Om lag 25 prosent av barna får no to eller (i sjeldne fall) fleire førenamn. Prosenten er lik for gutar og jenter. Bruken av dobbelnamn har generelt gått ned dei siste tiåra, samtidig som den gamle kjønnsskilnaden (fleire dobbelnamn blant jenter enn gutar) har vorte utjamna. Begge trekka heng truleg saman med ein aukande bruk av mellomnamn.

KK

OPPHAVET TIL KVINNENAVNET *MILLE*

I Norsk personnamnleksikon (1982 s. 186) er kvinnenavnet *Mille* delvis forklart som en kortform av *Emilie* og *Kamilla*. Denne koplingen er enda sterkere i Otterbjörk: Svenska förnamn (1979 s. 179) og i Vågslid: Norsk navnebok (1930 s. 162).

Fornavnet *Mille* forekommer i min nære familie, og jeg har sett litt på forekomsten av navnet i eldre tider — fram til ca. 1600 for hele landet og fram til 1801 for Trøndelag. Folketellingen fra 1801 med den edb-sorterte utgaven har vært et greit utgangspunkt for kartleggingen. En foreløpig oversikt viser et godt dusin navnebærere for hele landet før 1600 og ca. 170 for Trøndelag før 1801. Navnet har alt i alt et tyngdepunkt nordafjells, med mange navnebærere i Sør-Trøndelag og Nordland i 1801. De geografiske

forskjellene er store. I Sogn og Fjordane forekommer ikke navnet i det hele tatt. Oppland har bare 3 navnebærere, alle i Lesja. Hedmark har 40, og av disse kommer ca. 30 fra prestegjelda Tynset og Åmot. Materialet er ikke gjennomgått i detalj med tanke på sammenhenger ved oppkalling i slekt, men noen foreløpige konklusjoner synes klare:

Den antatte overgangen fra *Mildrid* til *Mille* synes å ha foregått tidligere enn på 1600-tallet, da de skriftlige kildene begynner å flomme. I Sør-Trøndelag er det 53 *Mille*, 2 *Milde* og 1 *Milla*, til sammen 56, mens *Mildri* i ulike skriveformer bare har 12 navnebærere der. I Nord-Trøndelag er det ikke mer enn et halvt dusin på hver av formene *Mille* og *Mildri*. Totalt sett dominerer *Mille* stort i Trøndelag. Men vi skal ikke lenger enn til Møre og Romsdal for å finne at *Mildri* er langt vanligere enn *Mille*. I folketellingen fra 1801 og i de aller fleste oppkallingsrekker er eldste navnebærer i Sør-Trøndelag *Mille*. To overganger fra *Mildrid* til *Mille* kan foreløpig spores, såfremt en kan stole på at skrivemåten er konsekvent både i kirkeboka og bygdeboka:

1. Mildri Evensdatter Åmot (ca. 1699—1740) i Meldal har både barnebarn og «steoldebarn» Mille. To av disse er nevnt i folketellinga fra 1801: Mille Håkonsdatter Ljøkjel (f. 1793) og Mille Andersdatter Rian (f. 1792), begge bosatt i nåværende Skaun kommune.
2. Mildri Voll (f. ca. 1654) i Meldal har datterdatteren Mille Olsdatter Resell (f. 1731).

Navnet er i det hele et godt eksempel på oppkallingstradisjon. Det er ca. 30 kvinner ved navn *Mille* fram til 1801 som — gjerne via en eller flere formødre med samme navn — kan regne seg tilbake til prestekona Mille Audunsdatter på Kjørse i Hemne. Hun kom fra Aspa på Nordmøre og levde i første halvdelen av 1600-tallet. Hennes etterkommere var prester, handelsmenn, bergverksfolk og offiserer, og dette er samfunnsgrupper som lett lar seg spore i kildene. Ellers bæres navnet sjølsagt også i den største yrkesgruppen på 1700-tallet, gårdbrukerne. Det andre ytterpunktet kildemessig er de ikke-bofaste: Flere samer bærer navnet.

Fram til 1801 er det ellers ingen ting i materialet som kan tas til støtte for at *Mille* skulle være en kortform av *Emilie*, *Kamilla* osv. Er dette korrekt, må det enten ha skjedd senere eller i andre regioner. I hvert fall i Trøndelag synes *Mille* å være veletablert før 1600. Men det fins lokale unntak. I Stjørdal prestegjeld brukes således i hovedsak formen *Mildri*.

Per Ole Sollie
Steinsdalen

DOKTORAVHANDLING OM STADNAMN PÅ FINNSKOGEN

Tuula Eskeland: Fra Diggasborrå til Diggasbekken. Finske stedsnavn på de norske finnskogene. Avhandling for dr.art.-graden. 276 sider. Universitetet i Oslo 1994.

Målet med avhandlinga er å beskrive og analysere dei finske namna på dei norske Finnskogane. Eit sentralt punkt er tilhøvet til namnebruken i Savolaks, som var det området i Finland dei fleste skogfinnane kom frå. Er Finnskog-namna kopiar av dei savolaksiske, eller har dei sine eigne trekk utvikla i det nye busetjingsområdet? For at eit namn skal reknast som finsk, må det innehalde minst eitt finskspråkleg element. I språkblanda namn heng finsken oftast att i førsteleddet, jf. *Diggasbekken* i tittelen på avhandlinga (av *Tikkais-*, ei form av slektsnamnet *Tikkainen*). Namn som i dag har heilnorsk form, kan stundom vera omsette frå finsk, men slike endringar er det berre i unntaksfall råd å dokumentere. Dei norske namna i området er derfor haldne utanfor. Avhandlinga omfattar 1568 namn, dei fleste samla gjennom intervju med lokalkjende i åra 1969–70 og 1986–89. Somme av namna (77) er laga på litterært grunnlag i moderne tid, men størsteparten (1491) skriv seg heilt eller delvis frå den eigentlege finneperioden, da finsk enda var eit levande munnleg språk. Drøftinga byggjer på dei nedarva namna.

Innvandringa til Finnskogen er dokumentert skriftleg frå 1640-talet. Dette var siste etappe i ein savolaksisk ekspansjon som tok til i mellomalderen, og som for alvor skaut fart i 1530-åra, da Rautalampi i Midt-Finland vart kolonisert. Sidan heldt vandringa fram mot vest, over Bottenhavet og i eit samanhengande belte gjennom Värmland og inn i Noreg. På norsk side fekk finnekulturen sitt sterkaste og mest varige feste i den søraustlege delen av Hedmark.

Omframt ei grundig innleiing, der Eskeland gjer greie for mål, metode, materiale, område og historikk, har avhandlinga fire hovudkapittel: 1) inndeling i kultur- og naturnamn, semantisk primære og sekundære namn, samansette og usamansette namn, elliptiske namn, 2) morfologisk og ordsemantisk analyse, 3) tilhøvet til savolaksisk namnetradisjon, med særleg vekt på slektsnamnsystemet og namn med rot i svedjebruket, og 4) namngjeving og namnetradering internt på Finnskogen. Heile materialet blir presentert alfabetisk til slutt, med stadopplysning, uttale, kartfesting og leddanalyse. Namn som er omtala i teksten, er dertil oppførte i eit eige register med sidetilvising.

Drøftinga er allsidig og detaljert, og både einskildnamn og namnetypar kjem godt fram under dei ulike synsvinklane Eskeland legg på tilfanget. Avhandlinga har alt i alt sin styrke i ein tett, konkret materialbruk. Av

resultata vil eg berre peike på følgjande: Stadnamna på Finnskogane inneheld langt fleire slektsnamn enn stadnamna i Savolaks, og sameleis er dei i mykje høgre grad prega av ord frå svedjebruket. Sjølv om områda har namnetypane felles, er altså fordelinga ulik, slik at det ikkje er snakk om ei mekanisk kopiering, men heller ei fleksibel tilpassing til nye vilkår. Ei anna side er følgjene av at finsk bukka under for norsk som talespråk. Det førte til at stadnamna vart både lydleg og ordmessig omdanna og i dag har eit så 'norsk' preg at det ter seg nesten paradoksalt i høve til den kultursamanhengen namna oppstod i. Nylaginga av riksfinske namn på Finnskogen, som Eskeland med god rett definerer ut av oppgåva, kan tolkast som ei språkleg reparering av denne skeivskapen.

Oppgåva bør snarast bli trykt, slik at ho òg blir tilgjengeleg for dei mange utanfor fagmiljøa som interesserer seg for dette emnet.

KK

NAMNEVEDTAK PÅ BU- OG SERVICESENTERET PÅ BOKKO I ODDA

I Odda kommune har det i haust vore ein hissig diskusjon om namnet på eit nytt bu- og servicesenter. Ein av statens namnekonsulentar, Botolv Helleland, vart dregen inn i ordskiftet, og Nytt om namn prentar her svaret hans:

På førespurnad frå ordførarkontoret sende eg 18.10. ein faks der eg nokså kort rådde til å nytta forma *Bakkatun*, med adresse *Bokko* (i hasta hadde den etterstilte bundne artikkelen *-et* falle ut i skrivet mitt). Forma *Bakkatunet* ville såleis vera mi tilråding. Eg nemnde òg ei alternativ form, *Bakkaheimen*.

Eg er fullt klar over at *Bokko* (uttala *båkko*) er den nedervde namneforma på staden, og eg har sjølv gått inn for denne skrivemåten i andre samanhengar. Når eg likevel rådde til *Bakka-* som fyrsteledd i samansetjinga, var det av di ein då ville få inn den gamle genitivsforma i samsvar med systemet for linne hankjønnsord (det heiter t.d. *bakkabrot*). Dessutan er *Bakka*, som rett nok er ei nyare form, i bruk som namn på staden i dag ved sida av det eldre *Bokko*. Derimot er *Bakke* her ei eldre, danskpåverka skriftform utan grunnlag i uttalen.

Ein parallell til ei form *Bakkatunet* har me i *Hjallakleivane*, namn på den gamle sjoarvegen mellom Hjøllo og Ragde (opplyst av Harald Jordal). *Hjallakleivane* inneheld då genitivsforma av *Hjøllo* (uttala *jødlo*, eldre *Hjǫllum*,

som er dativ fleirtal av gno. *hjallr* m). Men i yngre samansetningar synest den gamle kasusforma å vika. Såleis har ein fått *Hjøllomjøsstølen* i staden for *Hjallamjøsstølen*. Her kunne eg òg nemna det omstridde tunnelnamnet ved Edna, der namnekonsulentane tilrådde *Åtunnelen* i samsvar med den nedervde lagingsmåten, jamfør *Ånuten* opp for Edna, men som lokalfolk protesterte mot til føremon for den uhistoriske, men like fullt språkleg gangbare forma *Ednatunnelen*.

På dette grunnlaget vil eg ikkje ha noko imot subsidiært å godta *Bokkotunet* som namneform på senteret. Når namnet har bunden form, skal det etter vanlege ordlagingsreglar skrivast i eitt ord. Dersom ein nyttar sisteleddet i ubunden form, kan ein skrive det i to ord: *Bokko tun*, etter mønster av institusjonsnamn som *Odda bibliotek*. Men denne konstruksjonen verkar vel mindre heimleg på dei fleste.

Eg vonar at vedtaket i kommunestyret ikkje hindrar samanskriving av namnet, altså *Bokkotunet*. Skrivemåten *Bokko tunet* (i to ord), slik det er referert i lokalavisa, er kunstig og minner meir om engelsk enn om norsk skriveskikk.

Namnesaka har tydelegvis engasjert folk i Odda. Og avgjerda kunne etter referatet i avisa like gjerne ha vore den motsette. Etter denne utgreiinga, som går til kommunen og Hardanger Folkeblad, vonar eg at båe partar kan seia: «Me hadde òg rett!»

NORSK PERSONNAMNLEKSIKON

har kome i ny utgåve på Det Norske Samlaget (1995) ved Kristoffer Kruken. Boka er på 388 sider og inneheld vel 6500 namn. Det er meir enn dobbelt så mykje som i førsteutgåva (1982). Tilveksten omfattar både gamle og nye namn. Opplysningane om utbreiing og bruk er førte fram til 1994. Det er lagt større vekt enn sist på lokale særtrekk, skrifttradisjon og historiske endringar. Namnelova er trykt i si nogjeldande form og kommentert ut frå ein namnefagleg synsvinkel. Litteraturlista er supplert i samsvar med endringane i leksikondelen. Som nytt stoff er det teke med namnestatistikk for utvalde periodar frå 1337–50 til 1994, oversyn over gamle og nye namnedagar og ei liste med alle namna alfabetiserte baklengs. Denne lista er særleg tenkt som ei hjelp til å få oversikt over avleiingstypar og namneledd. Sidan leksikondelen er så mykje større her enn i førsteutgåva, har det ikkje vorte plass til historiske oversynsartiklar denne gongen. Dette er elles eit så mektig stoff at det fortener å koma i ei bok for seg.

MELDING AV NAMNEPUBLIKASJONAR FRÅ 1995

Bøker og artiklar om namn som har vorti publiserte i 1995, vil det vera aktuelt å melde i *Nordisk namnforskning* (særtrykk av *Namn och bygd*). Da det kan vere vanskeleg å få oversyn over alt som blir skrivi om namn i Noreg, vil eg med dette be om di hjelp til å få greie på namneartiklar som i 1995 har stått i mindre utbreidde publikasjonar, t.d. lokale årbøker og tidsskrift. Det ville også vera fint om du kunne sende oss slike namneartiklar. Sentrale tidsskrift som *Namn og Nemne*, *Namn och bygd* og *Maal og Minne* har vi sjølve lett tilgang til, så du treng ikkje tenkje spesielt på dei.

Opplysningar om stadnamnartiklar sender du til Oddvar Nes, Nordisk institutt, Sydnesplassen 9, 5007 Bergen (tlf. 55 21 24 16).

Opplysningar om artiklar om personnamn og andre namn gir du til Gulbrand Alhaug, Institutt for språk og litteratur, 9037 Tromsø (tlf. 77 64 42 77).

Svarfristen er 5. januar 1996.

Gulbrand Alhaug
(NORNA-representant)

MÅL I ØSTFOLD

Mål i Østfold av Kristian Strømshaug har kome ut som nr. VIII i serien Norske studiar, utgjeve av Avdeling for målføregransking (Oslo 1995). Medredaktørar har vore Arve Borg og Joleik Øverby, som båe har skrive innleiande artiklar. Boka byggjer på tilfang frå kjende målsamlarar som J.N. Wilse, Ivar Aasen, Hans Ross, Oluf Rygh og andre granskarar fram til vår tid. Ordtilfanget av Aasen og Ross er alfabetisert saman, medan samlinga etter Wilse er trykt for seg. Boka inneheld òg oversyn over stadnamn og innbyggjarnamn med gode kjeldeopplysningar. Det bør vidare nemnast at boka er illustrert med eit stort tal kart som viser utbreiing av ulike målmerke i Østfold. Hovudforfattaren har òg ansvaret for dei mange teikningane som på ein instruktiv måte viser tydinga av ein del av orda. *Mål i Østfold* er eit viktig tilskot til kunnskapen om målet i eit fylke der det nedervde talemålet må seiast å ha hatt noko trongare kår enn i andre landsdelar.

BH

NYE NAMNEBØKER FRÅ GRANNELANDA

Eva Villarsen Meldgaard: Den store navnebog. 287 sider. København 1994.

Dette er eit leksikon over dei tusen vanlegaste førenamna i Danmark, 500 mannsnamn og 500 kvinnenamn oppførte i kvar si alfabetiske liste. Utvalet byggjer på statistikk frå Det centrale personregister (CPR) for åra 1968–85. Etter oppslagsforma kjem først ei utheva line med eldste førekomst, talet på namneberarar 1968–85, sterkaste periode (innanfor det tidsrommet CPR dekkjer) og brukstendens i dag, dvs. om namnet går opp eller ned, er motenamn eller ikkje spelar noka rolle i namngjevinga. Så følgjer sjølve namneartikkelen med språkleg forklaring, viktige namneberarar og andre påverknadsfaktorar, kva delar av Danmark (medrekna Færøyane og Grønland) namnet er mest brukt i, og variantar til hovudforma av namnet. Boka har ei historisk innleiing med utsyn til andre europeiske land, namnestatistikk og litt om trendar for framtida kombinerte med råd ved namngjeving. Meldgaard har ønskt å hjelpe foreldre med «forklaring på de navne, der er moderne her og nu — og helst også dem der bliver moderne i morgen» (s. 6). Andre namnebøker har lagt sterkare vekt på eldre tid. Den historiske sida er derfor nedtona her. Det strenge utvalskriteriet har gjort at mange tradisjonelle namn — som til dels var vanlegare før —, ikkje har fått plass. Boka blir avrunda med Kirkeministeriets liste over godkjende førenamn, som no omfattar over 6 000 namn, alle variantar medrekna.

Det same stoffet er òg utgjeve i to åtskilde hefte (1995), eitt med mannsnamna og eitt med kvinnenamna. Innleiinga er med visse justeringar — først og fremst i dømebruken — teken med i begge hefta.

Michael Lerche Nielsen og Mogens Severin Brandt: Hvad skal barnet hedde? 13. udg. 160 sider. København 1995.

Denne boka kom i tolv utgåver frå 1957 til 1989 ved Mogens Severin Brandt åleine. Den trettande utgåva er redigert av Michael Lerche Nielsen. Boka omtalar i leksikonform ca. 760 kvinnenamn og ca. 840 mannsnamn. Det blir opplyst om språkleg grunnlag og kjende namneberarar, men ikkje noko om utbreiing og bruk, vanlegvis heller ikkje kor gammalt namnet er. Innleiinga tek opp spørsmål kring namneval og namngjeving, orienterer om namnelova og gjev eit historisk oversyn over namneskikkar i Danmark. Lista over godkjende førenamn er trykt her med, og vi finn dertil sjølve namnelova med forskrifter. Emna er altså mykje dei same som i boka til Meldgaard. Sidan begge legg så stor vekt på lovverk og namneval, har nok spebarnsforeldre vore ei viktig målgruppe. Reglane og råda gjeld naturlegvis *dansk* namngjeving, men skilnadene er ikkje større enn at bøkene kan lesast med utbytte i vårt norske miljø òg.

Gudrun Utterström: Dopnamn i Stockholm 1621–1810. (Nomina Germanica 19.) 155 sider. Uppsala 1995.

Grunnlaget for denne utgreiinga er dåpslistene i kyrkjebøkene for utvalde delar av Stockholm frå 1621, da dåpsbarna første gongen er innskrivne med namn (St. Nikolai-kyrkja), og fram til 1810, som er eit høveleg sluttpunkt ut frå føremålet, nemleg å vise korleis «det [går] till då ett statiskt namnskick förvandlas till ett dynamiskt» (s. 11). Utterström gjer først greie for kjelder, materiale, metode og normalisering, tek så eit snøgt riss over eldre svensk namneskikk og går deretter systematisk igjennom sitt eige tilfang. Ho viser utviklinga av fleirnamnsbruken, demonstrerer namnelengd og namnemote i høve til posisjon (dvs. førstenamn, andrenamn osv.), og har som hovudbolk det ho litt smålåte kallar «en brokig exempelsamling med kommentar». Ho drøftar spesielt kulturelle og personbundne impulsar for namngjevinga, m.a. med vekt på kva fadderskap har hatt å seie for tilvekst og endringar. Gjennomgangen er konkret og detaljert og viser på ein framifrå måte kor viktig det er å kjenne både kultur- og personsamanhengen om ein vil forstå korleis førenamn forplantar seg til nye miljø, her spesielt frå overklassen og nedetter i samfunnet. Boka blir avslutta med register og fullstendige tabellar.

Hermann Pálsson: Hrímfaxi. Hestanöfn frá fyrri tíð til vorra daga og litir íslenska hestsins. 276 sider + 24 sider med bilete. Bókaútgáfan á Hofi 1995.

Boka omtalar ca. 3700 islandske hestenamn i alfabetisk rekkje. Namn på merr og namn på hingst og vallak (gjelding) er oppførte kvar for seg. Materialet er i hovudsak samla av forleggjaren til boka, Gísli Pálsson frå Hof, og skriv seg vel stort sett frå nyare tid, utan at det nokon stad blir sagt. Elles får spesielt namn frå Edda-ene og annan mellomalderlitteratur brei omtale. Dette gjeld òg i innleiinga, der Hermann Pálsson drøftar sentrale namnetypar og motivasjon for namngjeving av islandshest. I leksikondelen blir namna forklarte språkleg, men det blir ikkje sagt noko om datering, tidsperiodar, bruksprofil eller frekvens. Personnamn nytta som hestenamn er i stor grad utelatne fordi dei etter Hermann Pálssons system ikkje kan reknast for eigentlege hestenamn ('eiginleg hrossaheiti'). Ein bolk med gode fargebilete viser noko av den rikdommen i fargar og avteikn som islandshesten har. Boka er mynta på eit internasjonalt publikum og har parallell tekst på islandsk, tysk og engelsk.

Eva Villarsen Meldgaard: Kattens navn. 2000 danske kattenavne. 135 sider. Værløse 1993.

Dette arbeidet har si rot i «en dyb og livslang kærlighed til menneskets næstbedste ven katten» (s. 5). Etter ei oppmoding til lesarane av bladet

Kattens Venner i 1989 fekk Meldgaard 850 brev med nesten 2000 ulike namn fordelte på over 3700 katter. Heile tilfanget blir presentert alfabetisk med forklaringar ordrett etter breva. Sitata viser at eitt og same namnet stundom kan ha svært ulik motivasjon. I tillegg opplyser boka om talet på namneberarar, kjønn, rase og eventuelt stamboksnamn. Meldgaard understrekar at kattenamn — som er eit emne mange ikkje finn vitskapen verdig — faktisk kan brukast som nøkkel til «det nutidige Danmarks kulturelle forfatning» (s. 14) i og med at dei fortel så mykje om kva danskane i dagleglivet les og ser på film og TV, kva dei fyller fritida med, og kva idrettsheltar dei liker. Slike ting gjer ho greie for i ei fyldig innleiing. Ein del av svarbreva er trykte i uavkorta form. Dei fortel enn meir kor mange tankar og minne som ofte knyter seg til namn på katter informantane har åtte.

KK

STATISTIKK OVER NORSKE ETTERNAMN

For fyrste gong ligg det føre eit omfattande statistisk oversyn over norske etternamn, godt 100 000 namn. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, har gjeve ut eit hefte med statistiske oversyn over 32 138 av desse namna. Heftet har fått tittelen *Norske etternamn. Landsstatistikk og fylkesvis fordeling* og er redigert av Olav Veka. Grensa for utvalet i hovudstatistikken er minst 15 namneberarar i heile landet eller minst 10 berarar i eitt fylke. Heftet er på 640 sider, og her finn ein

- alfabetisk liste over 32 138 etternamn frå Aa (239) til Åvitsland (59)
- kor mange personar som ber namnet
- namneberarane fordelte på fylke
- eigne statistikkar over namn med
  - etterledd *-sen*: 1385 namn frå Aadnesen (119) til Åsulfsen (14)
  - etterledd *-son/-søn/-sønn/-zen*: 601 namn frå Abelson (23) til Åkesson (43)
  - bindestrek: 350 namn frå Aagaard-Nilsen (21) til Øwre-Johnsen (10)

Heftet kostar 250 kroner. Det kan tingast frå Avdeling for namnegransking, Postboks 1011 Blindern, 0315 OSLO, tlf. 22 85 43 75.

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 1994

Bibliografien er laga av redaksjonen i samarbeid med Oddvar Nes, Bergen, og Gulbrand Alhaug, Tromsø. Vi ber som vanleg lesarane melde frå om feil og manglar. Særleg er vi takksame for tips om stoff som måtte vera publisert i tidsskrift eller bøker frå nabofag som arkeologi, lokalhistorie (årbøker, bygdebøker), folkeminne og etnologi. Lødige artiklar or dagspressa tek vi òg imot.

Akselberg, Gunnstein: Nokre stadnamn i Voss kommune. I: Johan Myking o.fl. (red.): *Helsing til Lars Vassenden på 70-årsdagen*. Nordisk institutt. Bergen 1994, s. 9–16.

Alhaug, Gulbrand: *Leiv Egil Breivik* – bonum nomen est bonum omen! I: Toril Swan (red.): Leiv Egil His Book. Boka hans Leiv Egil. Liber livii cuspidis. A Festschrift for Leiv Egil Breivik on the Occasion of His 50th Birthday June 6th 1994. Univ. i Tromsø 1994, s. 23–35.

— Personnamn og jus. I: *Nytt om namn* 20 – 1994, s. 12–14.

— Ovar. I: *Upsala Nya Tidning* 13. september 1994.

Angell, Svein Ivar: Den norske namne- og språkpolitikken – kulturell identitet og kulturelt mangfald. I: *Populærhistorisk Magasin*. Nr. 4 – 1994, s. 44–53.

Bakken, Kristin: Navnelaging og onomastikonet. I: *Namn og Nemne 11* (1994), s. 35–45.

Bergsland, Knut: Samisk forklaring av norske stedsnavn. I: *Namn og Nemne 11* (1994), s. 7–10.

— Samiske perspektiver i Helgelands historie. I: *Helgelands historie*. 2. 1994, s. 181–204.

Borg, Arve: *Roko*. I: *Lautin 1994*, s. 37–46.

Drabløs, Dagfinn: Norske geitenamn – kulturminne og utviklingssoge. I: *Nytt om namn* 19 – 1994, s. 23–24. /Omtale av Karbø og Kruken: Blåmann og Lykle. Norske geitenamn. Oslo 1994./

Dyrdal, Kristian: Gardsnamnet *Lydvo*. I: *Gamalt frå Voss 1994*, s. 82.

Eidnes, Asbjørn: Frå St. Olavs gt. til Torvhågvegen. Omkring gatenamna i Harstad. I: *Årbok for Harstad 1994*, s. 25–28.

Eskeland, Tuula: *Fra Diggasborrå til Diggasbekken*. Finske stedsnavn på de norske finnskogene. Avhandling for dr.art.-graden. 276 sider. Universitetet i Oslo 1994.

— [Melding av] Bente Imerslund: Finske stedsnavn i Nordreisa. Alta 1993. I: *Namn og Nemne 11* (1994), s. 121–24.

Gjerdåker, Johannes: Ordet *lund* i stadnamn. I: *Nytt om namn* 19 – 1994, s. 16–17.

Hagland, Jan Ragnar: Note om namn på to runesteinar. Frå Gran på Hadeland og Nidaros domkyrkje. I: *Studia anthroponymica Scandinavica 12* (1994), s. 35–38.

Hallan, Nils: Stadnamn i gamle Skogn. I: *Nord-Trøndelag historielag. Årbok for 1994*, s. 61–102. /Forord av Jørn Sandnes s. 61. Artikkelen held fram i neste årbok./

Harsson, Margit: Om namneleddet *Krok-* i *Krokskogen*. I: *Namn og Nemne 11* (1994), s. 17–26.

— Strømsått. I: *Namn og Nemne 11* (1994), s. 27–33.

— Hovudfag i Oslo. [Melding av] Astrid Weel Sannrud: Etternavn i Fredrikstad i det 19. århundre. Univ. i Oslo 1993. I: *Nytt om namn* 19 – 1994, s. 38–40.

— Strømsodd eller Strømsått? I: *Ringerikes Blad* 24. november 1994.

Helleland, Botolv: Sosiale og religiøse uttrykk i stadnamn. I: *Fra hammer til kors*. 1000 år med kristendom. Brytningstid i Viken. Borre historielag. Red. Jan Ingar Hansen og Knut G. Bjerva. Oslo 1994, s. 205–214.

— Stadnamnrøkt i Noreg. I: *Ortnamn värda att vårda*. Föredrag från Riksantikvarieämbetets symposium Ortnamnskultur. Stockholm 5–7 maj 1993. Red. Göran Ulfsparre. Stockholm 1994, s. 71–80.

— Helnaberg, Vivheller og Salthella. To stølsnamn og eit plassnamn. I: *Spår av odling*. Festskrift till Hugo Karlsson. Meijerbergs arkiv för svensk ordforskning 19. Göteborg 1994, s. 116–25.

— Grananuten. I: *Hardanger. Årgang 1994*. Hardanger historielag. Utne, s. 34–36. /Tidlegare trykt i *Avdeling for namnegransking. Årsmelding 1992*, s. 39–41./

— Hårteigen. I: *Hardanger. Årgang 1994*. Hardanger historielag. Utne, s. 37–39. /Tidlegare trykt i *Nordiska orter och ord*. Festskrift till Bengt Pamp på 65-årsdagen den 3 november 1993. Skrifter utgivna genom Dialekt- och ortnamnsarkivet i Lund. 7. 1993, s. 94–100./

— (red. saman med Kristoffer Kruken) *Nytt om namn*. Meldingsblad for Norsk namnelag. Nr. 19 – 1994, 48 sider. Nr. 20 – 1994, 44 sider.

— Heiter du kanskje Hansen? Slektsnamnet meir enn ei privatsak. I: *På norske Vinger* nr. 6, 1994, s. 50–51.

— Samansetjing av stadnamn der fyrsteleddet er eit produktnamn/-nemne på *-mann*. I: *Nytt om namn* 19 – 1994, s. 25–26.

— Vern av stadnamn. I: *Nytt om namn* 20 – 1994, s. 17–22.

— [Melding av] Uppsala arkivcentrum. Skrift utgiven till invigningen den 26 november 1993. Red. Karl-Gustaf Andersson & Björn Heinrici. Uppsala 1993. I: *Studia anthroponymica Scandinavica 12* (1994), s. 154–56.

— Listamål og vossamål. [Melding av] Njål Vere: Listamålet. Grammatikk, ordbok, stadnamn og folkeminne. II, og Eirik Røthe: Vossamålet i ord og vendingar. I: *Nytt om namn* 20 — 1994, s. 31–32.
— [Melding av] Finn Myrvang: Nøkkelen til Utrøst. Værøy 1994. I: *Nytt om namn* 20 — 1994, s. 29–30.
Hoel, Kåre†: *Bustadnavn i Østfold. 1. Hobøl.* Utgitt av Avdeling for namnegransking ... ved Tom Schmidt. 245 sider. Oslo 1994.
Holm, Gösta: Finnanger. I: *Maal og Minne* 1994, s. 143–45.
Holsbøvåg, Kåre Magne: Evelsbrear og evelsfonner. I: *Nytt om namn* 19 — 1994, s. 18.
Hætta, Odd Mathis: Samisk kunavntradisjon sammenlignet med samisk hundenavntradisjon. I: *Festskrift til Ørnulv Vorren.* Tromsø museums skrifter XXV. Tromsø 1994, s. 282–89.
— Sammenligning mellom samiske kunavn og hundenavn. I: *Nytt om namn* 19 — 1994, s. 10–12.
Jenstad, Tor Erik: Hulberget eller Holberget? I: *Bøgda vår.* Oppdal historielag 1994, s. 13–16.
Johnsen, Berit: Ka skal ungen heite? Om navnetradisjoner og navnelaging med en del eksempler fra Lavangen før 1930. I: *Lavangsminne 1994*, s. 3–11.
Karbø, Asbjørn og Kristoffer Kruken: *Blåmann og Lykle.* Norske geitenamn. 190 sider. Oslo 1994.
Kristiansen, Thorleif: Om Fålagangen og Spikern. I: *Langs Lågen 1994*, s. 168–69.
Kruken, Kristoffer: Namnepar på *-a* og *-as* i norsk. I: *Spår av odling.* Festskrift till Hugo Karlsson. Red. Birgitta Ernby. Meijerbergs arkiv för svensk ordforskning 19. Göteborg 1994, s. 173–79.
— Opphavet til trøndernamnet *Sollaug.* I: *Namn og Nemne 11* (1994), s. 63–70.
— (red. saman med Botolv Helleland) *Nytt om namn.* Meldingsblad for Norsk namnelag. Nr. 19 — 1994, 48 sider. Nr. 20 — 1994, 44 sider.
— Forbod mot namnet Vinjar? I: *Nytt om namn* 20 — 1994, s. 15–17.
— Er namnet *Erna* norsk eller tysk? I: *Nytt om namn* 19 — 1994, s. 26–27.
— 11 omtalar av studentarbeid og ymse andre skrifter. I: *Nytt om namn* 19 og 20.
— og Asbjørn Karbø, sjå Karbø, Asbjørn og ...
Kulbrandstad, Lars Anders: Menasjeri i Løtenfjellet — med svane? I: *Lautin 1994*, s. 47–51.
Larsen, Terje: Er stadnamna verneverdige? [Omtale av] Ortnamn värda att vårda. Red. Göran Ulfsparre. Stockholm 1993. I: *Nytt om namn* 19 — 1994, s. 21–23.

— Klagenemnda for stadnamnsaker. I: *Nytt om namn* 19 – 1994, s. 28–36. /Oversyn over vedtak i klagenemnda 1.1.1993 – 4.2.1994./

Lundeby, Einar: Gårds- og plassnavn i Hobøl. I: *Hobølboka I.* 1993, s. 229–47.

— To gårdsnavn i Hobøl. *Haskilt* og *Igsi.* I: Ernst Håkon Jahr og Geirr Wiggen (red.): *Norsk og nordisk.* Femten studier i språkhistorie og språknormering. Festskrift på 80-årsdagen 3. oktober 1994. Oslo 1994, s. 217–21. /Opptrykk frå *Maal og Minne* 1981, s. 72–76./

Meisingset, Alf: [Melding av B. Helleland:] Adresser og stadnamn. Del 2. [Oslo 1993.] I: *Nytt om namn* 19 – 1994, s. 19–21.

Melvær, Randi: Stadnamninnsamlinga i 1930-åra. I: *Kjelda.* Årgang 3, nr. 2, juni 1994, s. 10–11.

Myhren, Magne: Til tvo stadnamn i Buskerud. I: *Namn og Nemne 11* (1994), s. 11–15.

— Kven skreiv «Norske Nomn» i Svein Urædd 1869? I: *Nytt om namn* 20 – 1994, s. 26.

Myrvang, Finn: *Nøkkelen til Utrøst.* 179 sider. Værøy 1994.

— Qmð og Hålogaland. I: *Håløygminne* 2, 1994, s. 159–64.

Namn og Nemne. Tidsskrift for norsk namnegransking. Red. Ole-Jørgen Johannessen og Oddvar Nes. Årgang 11 – 1994. 128 sider.

Nesheim, Magnhild: Stadnamn og gamle bruksmåtar. Døme frå Åfjord. I: *Årbok for Fosen 1994*, s. 155–64.

Nytt om namn. Meldingsblad for Norsk namnelag. Red. Botolv Helleland og Kristoffer Kruken. Nr. 19 – 1994, 48 sider. Nr. 20 – 1994, 44 sider.

Olaussen, Kurt R.: Trekk av stedsnavnene på Svalbard. I: *Nytt om namn* 19 – 1994, s. 13–15.

Olsen, Venke Åsheim: Stedsnavnhistorie. [Melding av] Bente Imerslund: Finske stedsnavn i Nordreisa. Alta 1993. I: *Heimen 31* (1994), s. 268–72.

Pedersen, Aud-Kirsti: Kva er eit stadnamn etter lov om stadnamn? I: *Namn og Nemne 11* (1994), s. 47–62.

Ringstad, Irene: Stedsnavngransking som særemne i videregående. I: *Nytt om namn* 20 – 1994, s. 23–25.

Rogan, Bjarne: Alvor, humor og provokasjoner. En analyse av kommunikasjon gjennom båtnavn. I: *Hverdag.* Festskrift til Brynjulf Alver. Red. Arild Strømsvåg og Torunn Selberg. Stabekk 1994, s. 165–76.

Sandnes, Jørn: Stadnamn. [Melding av] Botolv Helleland: Adresser og stadnamn. Del 2. Stadnamn i offentleg og privat bruk. Oslo 1993. I: *Heimen 31* (1994), s. 276–77.

— Stadnamn i gamle Skogn. Forord, sjå Hallan, Nils.

Sannrud, Astrid Weel: Etternavn i Fredrikstad. I: *Namn og Nemne 11* (1994), s. 71–99.

— En kildekritisk vurdering av navnene i to folketellinger. I: *Namn og Nemne 11* (1994), s. 101–112.

— Patronymer i overgangsform. Kompositumspatronymer som verken er primærpatronymer eller sekundærpatronymer i Fredrikstad i 1865. I: *Studia anthroponymica Scandinavica 12* (1994), s. 103–114.

Schmidt, Tom: Etterledd og ord brukt usammensatt som stedsnavn. I: Kåre Hoel†: *Bustadnavn i Østfold. 1. Hobøl*. Oslo 1994, s. 173–202.

— Vikingtidas *by-* og *bø*-gårder på Vestlandet i Norge. I: *Vikingetidens sted- og personnavne*. Red. G. Fellows-Jensen og B. Holmberg. NORNA-rapporter 54. Uppsala 1994, s. 89–112.

— [Melding av] *Fra hammer til kors*. 1000 år med kristendom. Brytningstid i Viken. Red. Jan Ingar Hansen og Knut G. Bjerva. Oslo 1994. I: *Namn og Nemne 11* (1994), s. 113–20.

— Nordisk namnforskning 1993. 2. Litteraturkrönika. 2.5. Norge. I: *Namn och bygd 82* (1994), s. 115–17. Uppsala. /Også som særtrykk i serien *NORNA-rapporter*./

— (utg.) *Bustadnavn i Østfold*, sjå Hoel, Kåre.

Schulze, Johan A.: Sleimdal – Siljan i tale og soge. I: *Årbok for Telemark 1994*, s. 31–42.

Skadberg, Kåre: Frå Esop til Håkon 7. I: *Språknytt* 1, 1994, s. 12, 17. /Om skrivemåten av historiske namn./

Stemshaug, Ola: Bruken av kvinnepatronym nordafjells i Noreg. I: *Studia anthroponymica Scandinavica 12* (1994), s. 83–102.

Strømshaug, Kristian: Bustadnavn i Østfold – Hobøl. I: *Nytt om namn* 20 – 1994, s. 27–28. /Melding av K. Hoel†/T. Schmidt: Bustadnavn i Østfold. 1. Hobøl. Oslo 1994./

Svanevik, Anne: [Melding av] Anders Malmsten: Nittiotalets namnbok. Med 3 000 namnförslag. Stockholm 1993. I: *Studia anthroponymica Scandinavica 12* (1994), s. 131–32.

Særheim, Inge: Gardsnamn og busetjingsutvikling. Litt om datering av gardsnamn på *-land*. I: *Ætt og heim 1993*, s. 19–58.

Vere, Njål: *Listamålet. II. Grammatikk, ordbok, stadnamn og folkeminne*. 463 sider. [Oslo] 1994. /Ord og namn alfabetisk *G – R*./

KONFERANSERAPPORTAR

1. *Nasjonal konferanse i namnegransking*. Foredrag og diskusjon frå ein konferanse på Blindern 23. oktober 1981. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1982. 68 sider. Pris kr 20,-. (Hovudemne: Samiske namnearkiv og utgjeving av bustadnamn.)

2. *Den 2. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 19. november 1982. Foredrag og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1983. 93 sider. Pris kr 30,-. (Hovudemne: Databehandling av stadnamn og personnamn.)

3. *Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 18. november 1983. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1984. 120 sider. Pris kr 40,-. (Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking.)

4. *Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 22. november 1985. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1987. 194 sider. Pris kr 60,-. (Hovudemne: Lydskrift, særleg ved stadnamnregistrering.)

5. *Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 18. november 1988. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. 150 sider. Pris kr 60,-. (Hovudemne: Skriftleg og munnleg normering av stadnamn. Tillegg: Lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn, med merknader og forskrifter.)

6. *Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 23. november 1990. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. 147 sider. Pris kr. 60,-. (Hovudemne: Vitskaplege prosjekt i namnegransking.)

7. *Den 7. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 19. november 1993. Stadnamn og kulturlandskapet. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1995. Pris kr. 60,-.

Returadresse:

Avdeling for namnegransking
Postboks 1011 Blindern
0315 OSLO

ISSN 0800 – 4676